

**Detaljregulering for Alsaker Brygge Sør
gnr. 153 bnr. 1 mfl.
Tysnes kommune**

PlanID 200401

Omregulering

Plandokument: 18.05.2022

Planomtale med konsekvensutgreiing og ROS-analyse



Innhold

1 BAKGRUNN	3
1.1 FØREMÅL MED PLANARBEIDET	3
1.2 LOKALISERING OG AVGRENsing AV PLANOMRÅDET	4
1.3 VURDERING ETTER FORSKRIFT OM KONSEKVENSUTGREIINGAR	4
1.4 RELEVANTE VEDTAK I SAKA.....	5
1.5 UTBYGGINGSAVTALAR.....	5
2 PLANPROSESSEN.....	5
2.1 PLANPROSESSEN OG MEDVERKNAD.....	5
3 PLANSTATUS OG FØRESETNadar	6
3.1 OVERORDNA PLANAR OG FØRINGAR	6
3.2 GJELDANDE KOMMUNEPLAN	6
3.3 GJELDANDE REGULERINGSPLANAR	7
4 UTGREIINGSTEMA.....	8
4.1 TOPOGRAFI OG LANDSKAP, ESTETIKK.....	8
4.2 SOLTILHØVE OG LOKALKLIMA.....	11
4.3 KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	11
4.4 NATURVERDIAR	12
4.5 RESPIENTEN	14
4.6 FRILUFTSLIV OG ÅLMENNE INTERESSER	15
4.7 BARN OG UNGE	17
4.8 UNIVERSELL TILGJENGE	17
4.9 NATURRESSURSAR.....	17
4.10 KYSTSONE	17
4.11 TRAFIKKFORHOLD	18
4.12 TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	18
4.13 GRUNNFORHOLD	18
4.14 FORUREINING.....	19
4.15 RISIKO- OG SÅRBARHEIT FOR EKSISTERANDE SITUASJON	20
4.16 NÆRING.....	21
4.17 ANALYSER/UTREDNING	22
4.18 EIGEDOMSTILHØVE.....	22
5 ALTERNATIV LOKALISERING	22
6 SKILDring AV PLANFRAMLEgGET	25
6.1 PLANLAGD AREALBRUK.....	25
6.2 MASSEBALANSE.....	29
6.3 TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	30
6.4 AVBØTANDE TILTAK/LØYSINGAR, JF. ROS	30
7 KONSEKVENSUTGREIING.....	31
7.1 LANDSKAP	33
7.2 STRANDSONE, FRILUFTSLIV.....	35
7.3 NÆRMILJØ (INKLUDERT FORUREINING, FOLKEHELSE)	37
7.4 NATURMANGFALD, LAND OG SJØ	38
7.5 KULTURMINNE/KULTURMILJØ	41
7.6 KYSTSONE: FISKERI OG FERDSEL PÅ SJØ	42
7.7 SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR	43
7.8 SAMFUNNSVERKNAD: NÆRING, SYSSLESETTING, VERDISKAPING ETC.....	44
8 VERKNADER AV PLANFRAMLEgGET	45

8.1	OVERORDNA VURDERING AV AREALENDRINGAR I OMRÅDET.....	45
8.2	NATURRESSURSAR.....	46
8.3	EIGEDOMSINNGREP.....	46
8.4	ROS, PLANFRAMLEGGET	46
8.5	ØKONOMISKE KONSEKVENSAR FOR KOMMUNEN	50
8.6	INTERESSEMETSETNINGAR	50
8.7	AVVEGING AV VERKNADER	50
9	INNKOMNE MERKNADAR TIL OPPSTART.....	51
10	VEDLEGG	53

1 Bakgrunn

1.1 Føremål med planarbeidet

Planarbeidet er ei omregulering av gjeldande reguleringsplan for Alsaker brygge sør (2017). Planen frå 2017 regulerer areala i hovudsak til næringsføremål (land og sjø), friluftsliv og bustadføremål. I etterkant av godkjent regulering har tiltakshavar sett behov for meir areal til næringsaktiviteten og har difor søkt fleire dispensasjonar frå gjeldande plan. Grunna behov for ei ny endring har ein valt å gjennomføre ei omregulering av gjeldande plan. Målet med omreguleringa er å oppdatere detaljplanen slik at godkjent postsmoltkonsesjon kan nyttast på området, og i tillegg regulere tiltak som tidlegare er gitt dispensasjon for innanfor området.

Planen regulerer eigedomane gnr. 153/1, 153/4 og deler av 153/16 og 153/26. Den utvida næringsaktiviteten er knytt til eigedom gnr. 153/1 og i søre del av planområdet. Det er ikkje planlagt endringar knytt til dei andre eigedomane innanfor planområdet.

Samanlikna med gjeldande plan ønskjer ein å fremje ny plan som er meir næringsretta, og kan dekke dei behova som er knytt til realiseringa av tildelt postsmoltkonsesjon. Dette vert realisert ved å utvide næringsføremål på land og i sjø mot Elsåkervågen og fylkesvegen, samt fase ut det meste av bustadføremåla langs fylkesvegen. Det skal regulerast for grøntføremål i den sørlege delen av planområdet som ein buffer mellom andre føremål og næringsområdet.

Eit viktig prinsipp for Alsaker Fjordbruk er å sikre matfiskanlegga i sjø med smolt av god kvalitet frå eigne anlegg, mellom anna i lys av perspektivet om ressurstilgang og biosikkerheit. Reguleringsplanen skal legge til rette for Alsaker Fjordbruk sitt postsmoltanlegg. Dette vil sikre tilgang på større smolt, korte ned tida fisk står i sjøen – med positive verknadar i høve smitterisiko og lusepåslag. Det er viktig for Alsaker Fjordbruk å få avklart rammene for utvikling innanfor planområdet, då det er viktig med langsigchte og varige løysningar for å investera i området. Eksisterande reguleringsplan gir ikkje grunnlag for å kunne utnytte produksjonsløyvet som er gitt, og det er behov for meir areal enn gjeldande reguleringsplan gir opning for.

Tiltakshavar i plansaka er Alsaker Brygge AS, plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur Stord AS og illustrasjonar er utarbeidd av Proled AS.

1.2 Lokalisering og avgrensning av planområdet

Planområdet er lokalisert sør på Onarheim i Tysnes kommune. Storleiken på planområdet er om lag 76,5 dekar. Planområdet er likt som gjeldande reguleringsplan *Alsaker brygge sør – gnr.153/bnr.1 m.fl., PlanID 2004-01*, vedteken 25.04.2017. Planavgrensinga er synt i figur nedanfor.



Figur 1 Lokalisering og avgrensning av planområdet.

1.3 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiingar

Det er vurdert at planen skal ha konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta. Dette med bakgrunn i at planområdet ligg i strandsona, og at framlegget vil endre terrenget (landskapsverknadar) og potensiell allmenn tilgjenge og bruk, jf. KU-forskrifta §§ 8 og 10. Det er ikkje sett krav til planprogram. Planarbeidet vil særleg ha fokus på følgande utgreiingstema:

- Landskap
- Strandsone, friluftsliv
- Nærmiljø (foreureining, folkehelse)
- Naturmangfold, land og marint
- Kulturminne/kulturmiljø
- Kystsone: Fiskeri og ferdsel på sjø
- Samferdsel og teknisk infrastruktur
- Samfunnsverknad: Næring, Sysselsetting, verdiskaping etc.

I tillegg til konsekvensutgreiing skal det utarbeidast ROS-analyse som vil m.a. avdekke risiko og sårbarheit knytt til tema ras- og skredfare, trafikkfare og spesielle forhold knytt til type næringsaktivitet som planen opnar for og beredskap

1.4 Relevante vedtak i saka

Oppstartsmøte er gjennomført 01.02.2022. Plansaka er handsama i Formannskapet, med vedtak på at det kan meldast oppstart av planen (Formannskapet sak 12/2022, 10.02.2022).

I gjeldande reguleringsplan er om lag 13,5 daa regulert til næringsføremål. Det er godkjent nye areal til næringsføremål gjennom dispensasjoner på om lag 7 daa. Reguleringsplanen vart vedteken 25.04.2017.

Vassdragskonsesjon frå NVE for vassuttak i Onarheimselva vart gjeve 28.05.2018, og Kystverket godkjende postsmolt-søknaden 11.01.2018. Utsleppsløyve frå Statsforvaltaren vart gjeve 20.05.2019, og Mattilsynet godkjende planane 13.09.2019. Vestland fylkeskommune gav akvakulturløyve på Alsaker Brygge Sør 26.09.2019.

I tillegg til ovannemnde vedtak frå sektormynde har kommunen gjeve løyve til planering 01.09.2017, framføring av tilkomstveg til planområdet 13.03.2018, samt dispensasjoner frå arealføremål i vedtak av m.a. 30.04.2019 og 21.01.2020.

Ovannemnde vedtak og utførte tiltak dannar eit omfattande bakteppe kva gjeld dette planarbeidet, og siktemålet om å gje ei planendring med tilstrekkeleg areal for å kunne realisere tildelt postsmoltkonsesjon.

1.5 Utbyggingsavtalar

Privatrettslege avtalar

Vi kjenner ikkje til privatrettslege avtalar som har betydning for gjennomføring av reguleringsplanen.

Kommunale kostnadar – teknisk infrastruktur

Planen vil ikkje føre med seg nye tekniske anlegg. Det er ikkje forventa at planframleggget medfører andre økonomiske konsekvensar for Tysnes kommune.

2 Planprosessen

2.1 Planprosessen og medverknad

Planinitiativ er datert 24.01.2022, og det vart halde oppstartsmøte med kommunen den 01.02.2022. Plansaka er handsama i Formannskapet, med vedtak på at det kan meldast oppstart av planen (Formannskapet Sak 12/2022, 10.02.2022).


Oppstartsmelding vart varsle den 16.02.2022, med frist for merknader den 18.03.2022. Det kom i alt 5 merknader til varsel om oppstart, alle frå offentlege organ. Desse er summerte opp og kommentert i kapittel 9.

Det har vore dialog med Tysnes kommune underveis i arbeidet. Det har ikkje vore dialog med statleg eller regional mynde i planarbeidet.

Melding om oppstart av planarbeid, Alsaker Brygge Sør

I samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova, vil vi vi med dette informere om at ABO Plan & Arkitektur på vegne av Alsaker Fjordbruk skal utarbeide forslag til reguleringsendring for Alsaker Brygge Sør. Planområdet er lokalisert sør for Onarheim i Tysnes kommune.

Planområdet går fram av kart under, og omfattar delar av grn. 153, bnr. 1, 4, og 26 samt deler av grn 153 bnr. 16. Storleik på planområdet er om lag 76,5 dekar stort.



Siktemålet med planendringa er å utvide næringsføremål på land og i sjø mot Elsakervågen og fylkesvegen, samtidig med at det meste av bustadforemåla langs fylkesvegen. Ein vil regulere for grøntføremål i sørre del av planområdet.

Planarbeidet utløser krav om konsekvensutgreiing. Sej www.tysnes.kommune.no eller ABO Plan & Arkitektur Stord AS sin nettside for mer informasjon om planarbeidet.

Naboar og grunneigarar vert varsle direkte. Spørsmål om planarbeidet kan rettast til ABO Plan & Arkitektur Tlf. 905 22 958.

Merknadar skal sendast skriftleg innan 18.03.2022 til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS,
Pb. 32, 5401 Stord
eller poststord@abo-ark.no /
turid@abo-ark.no

ABO
PLAN &
ARKITEKTUR

Figur 2 Oppstartsannonse i bladet Tysnes 17.02.2022.

3 Planstatus og føresetnadar

3.1 Overordna planar og føringar

3.1.1 Nasjonale føringar

Kommunen si planlegging må henga saman med dei lovane, forskriftene, føresegnene og retningslinjene som gjeld for kommunal planlegging og verksemd. Ein føreset at desse er ivaretakne under planprosessen, og av dei mest sentrale kan desse nemnast:

- Meld. St. 33 (2012 – 2013) Klimatilpasning i Norge
- Meld. St. 14 (2015 – 2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold
- Meld. St. 35 (2012–2013) Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken
- Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet
- St.meld. nr. 29 (1996-1997) Regional planlegging og arealpolitikk
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen
- NVEs retningslinjer nr. 2/2011, Flaum og skredfare i arealplanar
- Rundskriv, T-2/08- Miljøverndepartementet, Om barn og planlegging.
- Handlingsplan Norge universelt utformet 2025

3.1.2 Regionale føringar

- Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel
- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle
- Regional kulturplan 2015 - 2025 - Premiss: kultur
- Regional transportplan 2013-2024
- Regional næringsplan
- Regional klima- og energiplan. Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021
- Regional transportplan - revidert handlingsprogram for 2015 - 2017
- Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017
- Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020
- Regional plan for idretts, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 – 2020
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

3.1.3 Kommunale føringar/temaplanar

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019
- Kommuneplanen sin arealdel 2010-2022
- Trafikktryggingsplan 2017 (under revisjon)
- Kommunedelplan for kulturminne 2020-2030
- Klima og energiplan
- Risiko og sårbarheitsanalyse ROS 2017
- Hovudplan veg 2022-2027

3.2 Gjeldande kommuneplan

Nyleg vedteken samfunnsdel for Tysnes kommune, 2019, er eit overordna og langsiktig styringsdokument som skal legge til rette for ønska samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon. I planen er næring eit av delområda som er omtala. Mål for næringsutvikling er at Tysnes kommune skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å medverke til utvikling av næring og arbeidsplassar. Det er vist til at marine næringar er viktig i kommunen og i dag har kommunen opp mot ein prosent av den samla produksjonen for tradisjonell oppdrett. Vidare er det vist til at det er for tida lite ledig næringsareal, og arealet avsett eller regulert til næring er enten i privat eige og/eller ikkje opparbeidd. Mellom anna definerer samfunnsdelen strategiar, og relevant for dette planarbeidet er særleg punkt 1 *Tysnes kommune*

skal sikra areal til næring, areala skal vera tilrettelagd for ulik næring og ha gode kvalitetar i høve til føremålet, e) Marine næringar skal sikrast areal for vidare vekst, det skal leggjast til rette for landbaserte areal i tilknyting til marine næringar.




I gjeldande kommuneplan (2010) er planområdet sett av til område for næring og bustad, samt friluftsliv land og i sjø, samt småbåthamn. Deler av områda er synt med faresone skred/ras. Kommuneplanen er ikkje gjeldande for området, då reguleringsplanen (2017) er vedteken etter kommuneplanen (2012).

Figur 3. Utsnitt frå gjeldande kommuneplan 2010 – 2022.

3.3 Gjeldande reguleringsplanar

I aktuelt område er det reguleringsplan for Alsaker brygge sør, 2017, som gjeld. Denne planen regulerer areala til føremåla Næringsføremål (BN), Bustadføremål (B/BFS), Leikeplass (BLK), Køyreveg og fortau (SKV/SF), Vegetasjonsskjerm (GV), landbruk (LL, gardsnaustr), Friluftsføremål på land (LF), og Friluftsområde i sjø og vassdrag i sjø (VFV), samt Småbåthamn (VS), Hamneområde i sjø (VHS) og kombinert føremål i sjø (VKA). Tilgrensande areal i sør er regulert i reguleringsplan for Elsåkervågen, og i nord grenser planen til reguleringsplan Alsaker Brygge (1998).



Figur 4. Gjeldande detaljreguleringsplan for Alsaker brygge sør, vedteken 2017.

3.3.1 Planar som skal erstattast

Viser til omtale over. Denne reguleringsplanen vil verta oppheva som del av planarbeidet, jf. plan- og bygningslova §12-14.

3.3.2 Tilgrensande planar som er i gang i nærleiken og som har innverknad på saka

Ein er ikkje kjent med at det er sett i gang planarbeid for tilgrensande område, utover nyleg kommunalt vedteken omregulering av Elsåkervågen (pt. i prosess med omsyn til motsegn). Denne planen ligg sør for planområdet og regulerer areal til næringsfremål. I nord grensar planen til reguleringsplan for Alsaker Brygge vedteken i 1998.

4 Utgreiingstema

4.1 Topografi og landskap, estetikk

Tiltaksområdet ligg i landskapsregion Ytre fjordbygd på Vestlandet, og landskapstype Brede fjordløp og fjordmøter. Arealet ligg i landskapsområdet Husnesfjorden – Kvinnheradsfjorden med verdi 3 som er skildra slik: «*Bred fjord med mer markerte åser og fjordsider, brattere relief. Få tettbygde områder. Vestside mer oppbrutt med ubebygd landskap med stor opplevelsesverdi*».

Planområdet omfattar deler av fylkesveg Fv 5076 og skråninga mellom fylkesvegen og sjøen, samt tilgrensande område i sjø. I nord grensar området til Alsaker Fjordbruk, Alsaker brygge og i sør til bustadtomt og skog. Nordre del av planområdet omfattar tilrettelagt areal for næringsverksemd (utsprengt planert og utfylling i sjø), samt privat bustadtomt (gnr./bnr. 153/4) med einebustad og tilhøyrande uthus, naust og garasje. I den midte delen av planområdet er det ført opp eit bustadhús med to uthus, på 153/1, og i sør i Dørsvika eit naust med brygge. Elles består planområdet av skog i bratt terrengr fra fylkesvegen til sjøen (tilvekst utmark). Deler av skogen er hogd vår/sommaren 2021. Grunnkart over området synar ikkje utfyllinga som er gjennomført i sjø, difor har ein nyttat seg av innmålte data (dronefoto) og flyfoto i illustrasjonane her. Bygningar knytt til Alsaker Fjordbruk si verksemd i området har eit maritimt preg med saltak og dempa fargebruk. Sjølv om bygga er store og massive vert ikkje bygga nødvendigvis oppfatta som det, då tak er splitta i fleire møne – og tiltakshavar har lagt stort fokus på tradisjonelle ytre rammer og gavlar ut mot sjøsida. Elles er busetnaden i området relativt tradisjonell og småskala.



Figur 5 Øvst: Bilde av eksisterande kontor og reinsefiskanlegg. Ein kan skimte Onarheim kyrkje i bakkant av eine bildet. Nedst til venstre: Foto frå den nordlege delen av planområdet, tatt sørover. Nedst til høgre: Foto som viser den nordlege delen av planområdet. April 2022



Figur 6 Venstre: Foto frå den midtre delen av planområdet, tatt sørover mot Elsåkervågen. Høgre: Foto som viser den sørlege delen av planområdet og Elsåkervågen. April 2022.

Planområdet omfattar eit belte langs sjø sør for Onarheim sentrum. Området ligg i tilknyting til Alsaker Fjordbruk sine kontor på Alsaker brygge. Store deler av planområdet i nord er opparbeida terreng, lagt til rette for postsmoltproduksjon, der det i medhald av plan og dispensasjoner er ført fram tilkomstveg, planert og utfylt. Planområdet i sør er i hovudsak skogkledd bratt terrenget med nokre tiltak. Det er som elles i planområdet stor høgforskjell mellom øvre nivå av området ved fylkesvegen, over kote +30, og nedre nivå ved sjøen. I bakkant av planområdet, mot vest, stig terrenget jamt oppover mot 300 moh. Høgaste toppen i nærområdet er over 320 moh.




Figur 7. Flyfoto (2021).



Figur 8. Terrengrøfling sør for opparbeida planert areal. Punktet synar høgde ved dagens fylkesveg. Kjelde: Kommunekart.



Figur 9. Terrengrøflingar i nærområdet. Kjelde: Kommunekart.



Figur 10. Hellingsgradar ved planområdet.

4.2 Soltihøve og lokalklima

Planområdet er orientert mot aust/søraust og har utsikt mot Onarheimsfjorden i nord og aust. Området har gode soltilhøve, men lite kveldssol. Området ligg relativt skjerma av topografi og øyar i sør som Ånuglo, Seløya og halvøya ut til Flornes. Området er mest eksponert frå nordaust.



Figur 11. Planområdet merka med nålepunkt.

4.3 Kulturminne og kulturmiljø

Delar av Onarheim er eit kulturmiljø av høg verdi, beståande av element frå førhistorisk tid og heilt fram til nyare tid. Bevarte historieforteljande element i landskapet er viktige kvalitetar som bør ivaretakast på ein framtidssretta måte. Onarheim kyrkje er listeført av riksantikvaren. At ei kyrkje er listeført, inneberer at den er definert som verneverdig og har nasjonal verdi. I Barne- og familidepartementet og miljødepartementet sitt *Rundskriv q-06/2020 Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* står det: «Også bebyggelse og landskapsstrukturer utenfor kirkens eget område kan ha en nært tilknytning til kirken og oppleves som tilhørende kirkestedet. Kirken og enkeltelementene i dens nærmeste omgivelser har stor verdi hver for seg som kulturminner, og samlet som kulturmiljø. Flere slike kulturmiljøer er særlig verdifulle og skal forvaltes som områder av regional og nasjonal interesse.» I stortingsmeldinga *Nye mål i kulturmiljøpolitikken* (Meld. St. 16 2019-20) understrekar verdien av heilskap og samanheng. Den sett seg som mål: «Et mangfold av kulturmiljø skal tas vare på som grunnlag for kunnskap, opplevelse og bruk.»




Tysnes kommune sin *kommunedelplan for kulturminne 2020 – 2030* definerer omgrepene kulturmiljø som «et område der kulturminne er del av ein større heilskap». Om kyrkjesteden står det: «Onarheim kyrkje: Onarheim er ein historisk plass og Onarheim kyrkje vart første gang nemnt i skriftlege kjelder frå 1327. Ei middelaldersk steinkyrkje vart truleg bygd i andre halvdel av 1100-talet med eit rektangulært, nær kvadratisk skip av stein og eit smalare, rektangulært kor av tømmer. Ifølgje tradisjonen skal klebersteinen som vart nytta vore henta frå Baldersheim i Strandvik. Mykje av denne steinen finst ennå på Onarheim, både i grunnmuren under nyekyrkja og i kyrkjegardsmuren. I 1819 blei skipet reva og nytt skip reist og det gamle koret blei bygd om. Nye Onarheim kyrkje vart reist i 1893 til erstattning for kyrkja frå 1819/20. Ved utgraving i 1962 vart delar av nord- og vestmuren fra gamlekyrkja dokumentert under og øst for den nye kyrkja.

Planområdet er tidlegare kartlagt, då planområdet som heilskap vart gjennomgått i samband med planarbeidet i 2017. Tidlegare Hordaland Fylkeskommune utførte arkeologiske registreringar på land i 2011. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Det er ikkje varsle behov for ny kartlegging. Næringsområdet ligg om lag 300 m frå kyrkja, romleg og topografisk åtskilt med elv, bergrygg og bygningsmasse på 152/99 og 153/1, 21 mfl.

Vest for fylkesvegen, utanfor planområdet, er det eit automatisk freda kulturminne, spor etter busetnad frå jernalder – middelalder. Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum gjennomførte i 2011 ei marinarkeologisk registrering i planområdet for Alsaker brygge sør. Det vart ikkje gjort funn som er omfatta av kulturminnelova, § 14, eller andre viktige kulturminne knytt til det maritime kulturlandskap.

Eksisterande bustad sørvest for eksisterande næringsområde, på 153/1, er ein Sefrak-registrert bustad frå 1700-talet, men som i dag er ombygd og manglar tidstypiske trekk. I følgje braArkiv er huset flytta to gangar, først frå Øklandstre til Flatråker og så frå Flatråker og til noverande stad. Huset er frittståande og ikkje del av eit kultur-/bygningsmiljø. Det er etablert eit steingard sørvest for bustadhuset. Eit naust i Dørsvika er også Sefrak-registrert, men også dette har nyare tids ytre preg. Det er i tillegg registrert tre sefrak-ruinar. Desse er i følgje Hordaland fylkeskommune mykje tilgrodd (frå synfaringa i 2011).



Figur 12 Registrert automatisk freda kulturminne på vestsida av fylkesvegen, og registrerte sefrak-bygg i planområdet.



Figur 13 Naustet og bustadhuset som er sefrak-registrert.

4.4 Naturverdiar

Det er ikkje registrert verdifullt naturmangfald innanfor det aktuelle planområdet jf. offentlege databasar (søk gjort i Naturbase og Artskart april 2022). Det er ingen registreringar av naturvernområde, prioriterte artar eller utvalde naturtypar med særskilt vern etter naturmangfaldlova eller artar av særskilt forvaltningsinteresse innanfor eller i nærliken av planområdet. I Naturbase er det registrert artar av særleg stor forvaltningsinteresse utanfor tiltaksområdet, ei registrering av den truga arten Sjørre, vinterstid i 2011. Det er også observert arten brisling i 1991 lengre ute i Onarheimsfjorden (nær trua). Rådgivende Biologer viser til at det er fleire rødlista artar i området, men at det er ikkje avgrensa viktig funksjonsområde (hekkeområde ell.) som tilseier at området er viktigare for artane enn andre areal i nærområdet.

Landareala

I 2019 vart det gjennomført NiN-kartlegging i denne delen av kommunen, og heile planområdet var inkludert i undersøkingsområdet. Ingen viktige naturtypar vart registrert i planområdet gjennom NiN-kartlegginga. Det finst edellauvskog i nærområdet, og det kan tenkast at det finst små restareal av edellauvskog i eller nær planområdet, men ikkje med store nok areal til å avgrensast som naturtypar. Skogen i store delar av planområdet er nyleg hogd (vår/sommar 2021).

I samband med eksisterande reguleringsplan, og søknad om konsesjon etter akvakulturlova, er nærområda kartlagt både på land og i sjø. Rådgivende biologer har samanfatta eksisterande kunnskap i samband med søknad om dispensasjon i området og skildrar området slik (16.03.2021): «Østsiden av Tysnesøya er preget av frodige og særegne skoger i motsetning til blankskurte svaberg i vest. For det meste grunnes det den spesielle berggrunnen på denne siden av øya. Berggrunnen ved Elsåkervågen består i sin helhet av fyllitt med enkelte svartskiferlag. Landområdene uten bebyggelse er hovedsakelig løvskog med særlig høy bonitet. Beskrivelser om naturmangfoldet på land og i sjø for området er basert på det som ble registrert under befaring i 2017 sør for Dørsvik (Haugsøen mfl. 2018) og vurderes som representativt for utvidelsesområdet basert på flyfoto. Flyfoto viser at landarealene består av løvskog.

Sjøareala


Fra synfaring i området, 2017, vart det registrert sukkertareskog i Elsåkervågen (Haugsøen mfl. 2018). Sørleg sukkertareskog (Nordsjøen og Skagerrak) er oppført som ein sterkt trua (EN) naturtype i Artsdatabankens rødliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018). Verdivurderinga av denne naturtypelokaliteten tilseier stor verdi med bakgrunn i nyeste raudlistestatus. Sukkertare er i tillegg ein norsk ansvarsart, sidan ein vesentleg del av den naturlege utbreiinga er i Noreg. Fleire faktorar påverkar truleg sukkertaren negativt og konkurrerande fintråda algar positivt. Auka temperatur om sumaren kan auke sukkertarens dødelegheit i Sør-Noreg. Auka avrenning frå land og tilførslar av humus og partiklar kan bidra til å formørke kystvatnet og redusere voksedjupet for sukkertaren. På Vestlandet er fiskeoppdrett, avrenning frå landbruket og kloakk blant dei viktigaste menneskeskapte kjeldene til tilførslar av næringssalt. Avløpet frå postsmoltanlegget vert reinsa i samsvar med gjeve utsleppsløyve, og ført ut i djupare vasslag.

Rådgivende biologer skriv i sin rapport at det frå Artsdatabankens Artskart ved eitt tilfelle er registrert den raudlista fuglen sjørre (VU) og fisken brisling (NT) i Elsåkervågen og Onarheimsfjorden. Sjørre vart observert som nærings-sökande i 2011, og brisling vart registrert av Havforskningsinstituttet i 1991. Brisling (NT) er lite stadbunden, og det er ikkje registrert hekkeområde for sjørre (VU) i området. Det er registrert fleire raudlista artar i området, men det er ikkje avgrensa viktige funksjonsområde (hekkelokalitetar o.l.), som skulle tilseie at tiltaksområdet er viktigare for desse artane enn andre areal i nærliken. I Fiskeridirektoratets kartverktøy er det registrert to gytefelt for torsk som overlappar med planområdet i sjø, Vikane gytefelt og Elsåkervågen gyteområde. Gytefelta er begge vurdert som lokalt viktige.

I samband med eksisterande reguleringsplan og søknad om konsesjon etter akvakulturlova er området kartlagt både på land og i sjø. Det er gjennomført konsekvensutgreiingar der m.a. fjære- og sjøsona frå inst i Elsåkervågen til Dørsvik vart synfart med fridykking og båt (2017, 2019). Området er relativt godt kartlagt både gjennom tidlegare planarbeid og akvakultursøknad. Rådgivende biologer har samanfatta eksisterande kunnskap i samband med søknad om dispensasjon i området og skildrar sjøområdet slik (16.03.2021): *Fjæresonen ser ut til å bestå i hovedsak av bratt og oppsprukket fjell (M3, fast fjærebæltbunn) langs tiltaksområdet, hvor arter som spiraltang, blæretang og grisetang er vanlige og dominerende arter. Fra flyfoto ser det ut til at fjellbunn (M1, eufotisk fast saltvannsbunn) dominerer i øvre del av sjøsonen, etterfulgt av sedimentbunn (M4, eufotisk sedimentbunn). Arter som sagtang, sukkertare, fingertare, skolmetang, grønndusk og ulike rødalger vil være vanlige».*

Deler av sjøareala ved Elsåkervågen og søraustover er registrert som gytefelt for torsk (Vikane gytefelt). I Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er lokaliteten klassifisert som C-1, mindre viktig gytefelt (registrering HI 2009). Inst i Elsåkervågen er marin naturtype gyteområde for torsk registrert i 2000 (Elsåkervågen gyteområde).


Nærmaste registrerte anadrome vassdraget til tiltaksområdet er i Kvinnherad, Uskedalselva om lag 13 km aust. Anlegget har konsesjon til å hente ferskvatn frå inntak i Onarheimselva, nord for tiltaksområdet. Det er ikkje oppgang av anadrom fisk til vasskjelda pga. naturlege vandringshinder.



Figur 14. Utklipp frå rapport utarbeida av Rådgivende biologer. Figuren viser planområdet, utvida areal (som tenkt i dispensasjon i 2019) og naturverdiane i Elsåkervågen (2019).

4.5 Resipienten

Planområdet er ein del av Onarheimsfjorden (vassførekommst nr. 0260041700-C). Onarheimsfjorden er ein del av Hardangerfjordsystemet og har i følgje Vann-nett «god» økologisk tilstand og kjemisk tilstand därleg. Området er svært godt kartlagt gjennom utførte C-undersøkingar. Onarheimsfjorden har variable djupne-forhold. I samband med konsesjonssøknaden har Rådgivende Biologer utarbeidd rapport (nr. 2722, 2018) som viser til at terskel inn til dei djupare delbassenga i Onarheimsfjorden er så pass djupe at det ikkje er sannsynleg at det er stagnerande botnvatn i fjorden.




Figur 15. Oversiktskart over fjordsystemet utanfor det planlagt postsmoltanlegget på Alsaker Brygge sør (rød firkant). Kartgrunnlag er henta frå Olex.

I samband med søknaden om etablering av anlegget på Alsaker Brygge Sør vart det i 2017 utført straummålingar, og gjort botnkartlegging, i sjøområdet utanfor eksisterande utslepp frå Onarheim Bruk AS. Det var meget gode straumforhold med sterk straum i heile vassøyla ned til botnen. Undersøkingane og søknaden viser at straumforholda er tilstrekkelege til å sikre ei god spreiing av organisk materiale frå framtidig anlegg, der det i oksygenrike vassmassar året rundt kan forventast ein effektiv og god omsetjing av organisk materiale frå nærområdet til avløpet og utover i recipienten.

4.6 Friluftsliv og ålmenne interesser

Planområdet er ikkje tilgjengeleg, og lite attraktivt for bruk av ålmenta, då det er eksisterande næringsverksemde her, og elles bratt topografi med tett vegetasjon. Sør i planområdet er det eit mindre naustområde knytt til 153/1. Ein er ikkje kjent med at andre deler av planområdet på land, enn naustområdet, er av interesse eller bruk av ålmenta til rekreasjon og friluftsliv. Rekreasjon på land og sjø skjer utanfor planområdet, t.d. Blåbærhaugen og OnarHamn (båthamn). Vi kjenner ikkje til at området er særskilt nyttå av born og unge. Større del av planområdet er knytt til næringsføremål. Det ligg eit badeområde på Onarheim, over 300 m nord for næringsområdet, men badeplassar som er mest nyttå ligg fleire kilometer frå tiltaksområdet (Nyborg, Årbakka og Tveit).

Det er kartlagt eit viktig friluftslivsområde, Onarheim – Onarheimsfjorden (blå farge i kartutsnitt under). Dette går inn under typen strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. I dette friluftslivsområdet inngår ei kort turløype langs kystlinia ved Onarheim, tilrettelagt av tiltakshavar ilag med badestrond, framtidig omkledningsrom, benkar ved brygga tilknytt Onarheim Bruk og Alsaker Brygge samt tilrettelagt sti frå Onarheim og opp til Blåbærhaugen (grøn/gul farge i kartutsnitt under). Alle desse føremålsfremjande tiltaka er etablert av tiltakshavar for nettopp å fremje friluftslivet i bygda, og omsøkte tiltak kjem ikkje i konflikt med desse. Det er elles sjøareal som ligg innanfor friluftsområdet. Dette kan sjåast i samanheng med båtfart og friluftslivet i samband med øyene Seløya, Midtøya og Ånuglo. Desse er mykje brukt til utfart i samband med friluftsliv og båttrafikk, og utgangspunktet er då ofte Onarheim og OnarHamn (etablert av tiltakshavar). OnarHamn vert nyttå som utgangspunkt for båtfart, og tiltakshavar har også fått godkjent bygningar som vil fungere som servicebygg/toalett/dusj tilknytt båthamna. Felles for alle desse tiltaka er at dei ligg etablert nord for Alsaker Brygge Sør, og har god samlokalisering til eksisterande tilbod og sentrumskjernen.




Figur 16 Viktig friluftslivområde: Gul = Nærturterreng. Blått = Strandsone med tilhøyrande sjø. Kjelde Fylkesatlas.

Eksisterande reguleringsplan regulerer deler av areala til friluftsføremål. Bakgrunn for desse arealføremålet er skildra i planomtalen frå godkjent reguleringsplan, og viser at føremåla vil dempe inntrykket av næringsområdet sett frå sjøen, og sikre tilkomst til og kontakt mot sjøen. Vidare skildrar planomtalen for tema barn og unges interesser og friluftsliv at «*planområdet er brattlendt og lite tilgjengeleg, og med unntak av dei utbygde eigedommane kjenner ein ikkje til at området vert nytta av barn eller til anna rekreasjon eller friluftsliv. Tysnessåta og Onarheimsfjorden er viktige friluftsområde nær planområdet*».

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, 2021, har som føremål å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk og sikre nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen, jf. forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen i pbl. § 1-8. Retningslinjene skal bidra til ei geografisk differensiering gjennom planlegginga. Retningslinjene er strengast der utbyggingspresset er stort og verneverdiane høgst. Tysnes kommune er del av områda avgrensa som område med mindre press på areala (sone 3). Det er i gjeldande planverk for området opna for utbygging innanfor strandsona.

I regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er Onarheim synt som regionalt viktig næringsområde. Områda i regionalplanen er henta frå *kartfesting av eksisterande næringsareal til sjø og analyse av regionalt viktige næringsområde ved sjø i tilknyting til Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland* (Asplan Viak AS). Dei regionalt viktige næringsområda ved sjø er peika ut på grunnlag av eit sett utvalsriterier, der det berre er dei største og viktigaste industriområda som blir kategorisert som regionalt viktige. Grunna den viktige rolla som oppdrettsnæringa spelar for regionen er alle landbaserte akvakulturlokaltetar i strandsona i kategorien «regionalt viktige næringsområde».

Tal frå SSB syner at Tysnes kommune har eit areal på om lag 245 km², derav er om lag 12,1 % strandsone (100-metersbelte). Av potensielt tilgjengelege strandsone har 50,2 % mindre helling enn 25 grader, og 22,1 % har helling større enn 25 grader. Kartutsnittet under syner at området i all hovudsak ikkje er potensielt tilgjengeleg strandsone. Dette er pga. eksisterande bygg og tiltak og hellingsgrad over 25 grader. SSB definerer tilgjengeleg strandsone som strandsone tilgjengeleg i eit friluftslivsperspektiv, der topografi og arealbruk kan stengja for allmenn ferdsel. Område med hellingsgrad brattare enn 25 grader er definert som utilgjengeleg.



Figur 17 Potensielt tilgjengeleg strandsone, kjelde Miljøatlas

4.7 Barn og unge

Planområdet er bratt og lite tilgjengeleg, og med unntak av dei utbygde eigedomane er det ikkje kjent at området vert nytta av barn og unge.

4.8 Universell tilgjenge

I regeringa sine handlingsplanar for personar med nedsett funksjonsevne er målet full deltaking og likestilling. Universell utforming er valt som strategi for å byggje ned fysiske barrierar. Prinsippa for universell utforming av bygg og utomhusareal skal leggjast vekt på. Omgrepet kan forklaast som utforming av bygningar, omgjevnader og produkt på ein slik måte at dei i så stor grad som mogleg kan brukast av alle menneske utan spesiell tilpassing.

Området knytt til dagens næringsverksemder har god tilgjenge for alle brukargrupper, men er grunna næringsaktivitet ikkje tilgjengeleg. Det er stor variasjon i topografi, og bratt topografi, mellom fylkesvegen og sjøen. Desse områda er ikkje universelt tilgjengelege i dag, og har ingen spesiell verdi til friluftsliv eller ålmenn ferdslle.

4.9 Naturressursar

Det er ikkje registrert dyrka mark i det aktuelle området. Store deler av området består av planert næringsområde, samt areal klassifisert som skog og ope fastmark i AR5 (lauvskog av særskilt høg bonitet, jorddekt).

Det er ingen grus- eller pukkførekomstar innanfor planområdet (NGU). Området består av lausmassar av forvitningsmateriale og berggrunn fylitt med enkelte lag av svartskifer.



Figur 18. Ar5 klassifisering i området.

4.10 Kystsone

Det er ikkje registrert farlei eller særleg ferdslle i sjø innanfor planområdet. Det er etablert større småbåthamn nord for planområdet med plass til om lag 85 båtar. Elles er det ein del båttrafikk til tiltakshavar sin eiga verksemder m.a. til næringsverksemda LOS Fjord lengst sør i Elsåkervågen.

Det er registrert fiskeriinteresser i Onarheimsfjorden (fiskefelt for aktive reiskap) og i Elsåkervågen (låssettingsplass), men desse ligg eit godt stykke utanfor planområdet.



Figur 19. Registrerte fiskeriinteresser ved tiltaksområdet. Rød farge= låssettingsplass. Rosa skravur= fiskeplassar for aktive reiskap.

4.11 Trafikkforhold

4.11.1 Køyretilkomst. Vegsystem og trafikkmengde. Parkering

Tilkomst til området er via Fv.5076 som ligg aust for næringsområdet. Årleg døgntrafikk på fylkesvegen gjennom planområdet er registrert med ÅDT 400 og 10 % andel lengre køyretøy. Fartsgrensa er 50 km/t. Vegbreidda forbi planområdet er registrert med totalt 5,9 meter.

Det er relativt god standard frå ferjeleiet på Hodnanes til planområdet, med delvis oppgraderte parti, medan vegane mot Uggdal og Lundegrend er av varierande standard. Det er avkjøring frå Fv.5076 nord for planområdet. Dette er godkjent avkjøring og er regulert i planen Alsaker Brygge (1998).



Figur 20. Bilde av dagens avkjøring og fortau. Google, sept 2019.

4.11.2 Ulukkesituasjon og trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Kollektiv

Det er ikkje etablert eige felt for mjuke trafikantar innanfor planområdet. Det er etablert fortau på vestsida av fylkesvegen frå avkjøring til m.a. gnr. 153/2 (Stølshaugane) og fram til Onarheimselva. Det er registrert éi bilulykke i krysset ved Onarheim kyrkje i retning Uggdal. Denne skjedde i 2009 og var knytt til fotgjengar. Elles er det ingen registrerte ulykker i nærområdet til planområdet. Det er busshaldeplass ved butikken på Onarheim og i krysset til Elsåkervågen/ Espenvikvegen sør for planområdet. Kollektivtilbodet er noko avgrensa, med få avgangar i kvardagane.

4.12 Teknisk infrastruktur

Onarheim vassverk har vassleidning som går i vestre del av planområdet. Denne vil nye tiltak kunne kople seg til. Produksjonsvatn knytt til postsmoltanlegget skjer via tildelt vassdragskonsesjon frå Onarheimselva. Til akvakulturproduksjonen vil det òg verta nytta sjøvatn med inntaksleidning i sjø. Tilhøve til dette er avklart i godkjent akvakulturløyve.

Den planlagde bruken av området vil vera energikrevjande. Tiltakshavar har inngått utbyggingsavtale med BKK Nett for tilførslelinjer og trafostasjoner. Det er i dag ikkje etablert alternative energikjelder i området.

4.13 Grunnforhold

4.13.1 Stabilitetsforhold

Planområdet ligg innanfor marin grense, og det er såleis potensiale for marin leire (kvikkleire). Erfaring frå utført anleggstarbeid viser at det ikkje er funne spor av leire i området. Lausmasselaget er tynt og det er kort veg til fjell i dagen.

NGU har kartlagt deler av Noreg med omsyn til moglegheit for marin leire, men det er ikkje gjort for Tysnes. Dei har utarbeida ei liste over lausmassetypar der dei på generelt grunnlag vurderer sannsyn for kvikkleire. Lausmassane i planområdet er klassifisert som forvitningsmateriale, desse er i lista til NGU vurdert som *Mulig marin leire = stort sett fraværende*.

4.13.2 Leidningar

Det er ikkje registrert sjøleidningar innanfor eller utanfor planområdet. Det er etablert utsleppsleidning og punkt frå reinsefiskanlegget på nordsida av Onarheimselva. Denne ligg nordaust for planområdet. Det er etablert leidningsnett for produksjonsvatn, straum, fiber og avløp i tilkomstvegen på landsida, nord i planområdet, og planlagt inntaksleidningar og utsleppsleidning i sjø i samsvar med tildelt akvakulturløyve.

4.13.3 Flaumfare

I følgje NVE Atlas er ikkje planområdet utsett for flaumfare. Planeringsnivå vil vera om lag kt +2, medan kainivå vil vera om lag kt +2,2. Framtidig havnivåstigning med klimapåslag og sikkerheitsklasse 2, ref. TEK17, krev min. planering-/golvhøgde kote +1,88. Framtidige byggverk vil koma om lag på kt +2,5.

4.13.4 Rasfare

Ein del av planområdet er omfatta av aktsemdsområde for rasfare snøskred og steinsprang. Geolog dr. scient Bjarte Hellevang, Eadu AS, har gjennomført ei ytterlegare skredfarekartelegging etter reguleringsplan for området (2017) er godkjent. Her er utdrag frå notatet:

Helningskartet og 3D-kartet viser tydelig at landskapet veksler mellom bratte parti der helningen i stor grad overstiger 50 grader. Ved slike helninger vil ofte snø ikke akkumuleres i større mengder, men vil rase ut regelmessig og ved mindre snøhøyder. Det akkumuleres derfor sjeldan større mengder i svært bratt terren (> 50 garder). Størstedelen av landskapet viser helning < 27 grader som er terren der det sjeldan løses ut snøskred. Det vises videre til at de mest aktuelle helningene for akkumulering og potensielle løsneområder for snøskred (27-50 grader) har svært begrenset utstrekning, typisk som sørvest-nordøst gående brattheng parallelt med kystlinjen i området. Aktuelle løsenområder (27-50 grader helning) har svært begrenset utstrekning.

Område vest for planområde er per i dag stort sett skogkledd, hovedsakelig tett blandingsskog, men også noe plantet granskog. Skogen virker som hinder for utløsing av snøskred, men også begrenser snøtykkelse på bakken der det er skog. Skogen virker videre som hinder for utløp der snøskred, og i tilfeller som det aktuelle området her der høydeforskjellene er små og dermed energi/snømengde i snøskred er lav, vil skog effektivt kunne stoppe snøskred.

I tillegg til generelle betraktninger rundt bratte områder og områder med skog, er underlagets ruhet og generelle geomorfologiske variasjoner viktige. Det er ikke foretatt befaring til aktuelt område, men for området vest for planområdet, viser detaljerte terremodeller at det er ujevnt terren med til dels store variasjoner. Dette reduserer både løsnepotensialet og potensialet for ett skred til å nå langt.

Steinsprang vil typisk opptre der det er bratte bergparti. Dette er som vist over vanlig i området vest for planområde, men svært lokalt og med høydeforskjeller lokalt på 10-30 meter. Det vil derfor være aktuelle løsneområder for steinsprang. Ut fra topografi, vil de fleste steinsprang ikke kunne nå langt på grunn av flatere partier mellom brattheng (f.eks. langs Fv78). Steinsprang vil derfor være å anse som lokale og som bør vurderes ved byggesak. For planområdet er området langs Fv78 som er aktuelt, samt område langs sjø der helning flere steder overstiger 45 grader.

Det er flere grunner til at snøskred ikke er aktuell risiko for planområdet (planID 4616_2004-01):

- (1) Svært begrensede arealer som er aktuelle som løsneområder og det er dermed små mengder snø som kan løsne ut. Dette vil igjen påvirke løpet til eventuelle snøskred som vil bli svært korte og som ikke ut fra kart kan nå planområdet
- (2) Små høydeforskjeller og veksling mellom bratte parti og flate parti fører til lokale hyppige utrasinger (dersom det kommer betydelige mengder med snø) og svært korte utløpsdistanser
- (3) Ujevnt terren
- (4) Både aktuelle løsneområder og utløpsområder er skogkledde

Det konkluderes derfor med at det ikke er risiko for snøskred innenfor planområde (planID 4616_2004-01). Kombinasjon av ulike faktorer gjør at det kan konkluderes med at det ikke er behov for ytterligere utredninger av fare for snøskred når det gjelder planområdet. Det er i hovedsak terremorfologi som er viktig i konklusjon.

For steinsprang er det vurdert som en lokal risiko langs planområde der det er brattere enn 45 grader (mot Fv78 og langs sjølinjen), vist i helningskart som blå områder. Langs Fv78 er det utført sikring. Det bør gjøres vurderinger i sammenheng med byggesak og sikres der det er behov. Vurdering og sikring må da utføres etter TEK17 og SAK10 og anbefalt utført av sentralgodkjent foretak.

Basert på dette notatet, samt at ein skal omforme deler av områda ved sjø, er det ikkje planlagt skredfarekartelegging utover den alt føreliggande frå 2021.

4.14 Forureining

Innanfor planområdet er det ikkje kjente kjelder som kan føra til støynivå som kan vera skadeleg. Det er ikkje stor trafikk på vegane i området, og det er ikkje næring som driv støyande aktivitet i nærlieken. Etablert næringsverksemder har produksjon innandørs i bygg/hallar, der naudsynt støysikring vil skje i aggregatrom, pumperom og annan teknisk infrastruktur.

I Miljødirektoratet sin database er det ingen bedrifter med løyve etter forureiningsregelverket i området, og drift av pågående næring og industriaktivitet er såleis rekna for å ikke skape særskilt luftforureining. Det er ikke registrert ureina grunn.

4.15 Risiko- og sårbarheit for eksisterande situasjon

I plan- og bygningslova § 4-3 vert det stilt krav om gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalyse for reguleringsplanar for å sikre at samfunnstryggleiken blir ivaretatt og følt opp. For å kunna redusera omfang av skader og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Gjennomgang av moglege uønska hendingar i dette kapittelet er gjort med utgangspunkt i eksisterande situasjon. Sjå kap. 6.4 og 8.4 for ROS-analyse av framlagt planforslag. Risiko er knytt til uønska hendingar og deira usikkerheit til om hendinga inntreff (sannsyn/frekvens) og omfang (konsekvens).

I følgje godkjent reguleringsplan for Alsaker brygge sør - Onarheim gnr. 153, bnr. 1 mfl. (vedteke 25.04.2017) har gjeldande arealbruk akseptabel risiko. Under er relevante hendingar og vurderingar henta frå gjeldande reguleringsplan for Alsaker Brygge Sør. Det gjort eit utval av hendingane, og det er valt å berre vurdere reelle forhold/hendingar. Ikkje relevante tema er ikkje inkludert i tabellen.

Uønska hending	Vurdering gjeldande reguleringsplan
Masseskred/ steinsprang	I følgje NVE er det eit potensielt utløysingsområde for steinsprang/-ras med påfølgjande potensielt utløpsområde tilstøytande planområdet i vest. Grøn sone – akseptabel risiko
Snø- / is- sørpeskred	I følgje NVE er det eit potensielt utløysingsområde for snøskred med påfølgjande potensielt utløpsområde som dekkjer heile planområdet. Det har vore dialog med kommunegeolog i planprosessen. Skogen ovanfor planområdet vil ved ev. snøras stagge/stoppe raset. Grøn sone – akseptabel risiko
Flaum- / jordskred	I følgje NVE er det eit potensielt utløpsområde for jordskred like sør for Dørsvik. Grøn sone – akseptabel risiko
Elveflaum Flaum i vassdrag og innsjø	I følgje NVE er det potensielle områder for flaum både nord, sør og vest for planområdet. Den går via fylkesvegen sitt overvass-system til sjø. Grøn sone – akseptabel risiko
Springflo/ Stormflo	Nye tiltak skal dimensjonerast for å tote ytre miljøkrefter (byggteknisk forskrift). Grøn sone – akseptabel risiko
Setningar i grunnen Utgildingar i grunnen	Heile planområdet ligg under marin grense. Lausmassane i området er hovudsakeleg forvitningsmateriale (NGU). Ev. område som skal fyllast i sjø må få tid til å setje seg før utbygging. Nye tiltak skal dimensjonerast for å tote ytre miljøkrefter (byggteknisk forskrift). Grøn sone – akseptabel risiko
Vindutsett	Planområdet er lokalisert i eit relativt ope område med vindeksponering hovudsakeleg mot nord, sør og aust. Utbygging skal stetta krav sett i byggteknisk forskrift sine dimensjonerande krefter og vindlaster. Grøn sone – akseptabel risiko
Hamn, kaianlegg	Ev. nytt kaianlegg skal utformast og dimensjonerast etter krava i byggteknisk forskrift. Det er venta at talet anløp i året vert lågt. Gjeldande regelverk regulerer og sett krav til levering og transport av fisk og gods. Grøn sone – akseptabel risiko
Støv og støy: næring/industri	I anleggs- og byggefase vil fylling i sjø og grunnarbeid medføra frigjering av støv og partiklar. Anleggsarbeid som t.d. fylling i sjø bør gjennomførast i periodar som gjer minst mogleg påverknad på naturmangfaldet i sjøen, t.d. torskegyting. Maskinar og tekniske innretningar som går ofte/kontinuerleg skal byggast inn i isolerte bygg, samt at ein del av anlegget skal lydisolerast. Grøn sone – akseptabel risiko
Støv og støy: trafikk	Eksisterande trafikktihøve i området har lågt bidrag til støv og støy. Statens vegvesen har gjennomført støykartlegging langs fylkesvegen, og konkluderer med at den låge trafikkmengda medfører lite støy. Grøn sone – akseptabel risiko

Forureina grunn	Det må sikrast at massar som vert nytta til ev. utfylling er reine. Sedimenter i sjø må også vera tilfredsstillande. Tiltakshavar føretok jamlege målingar i tråd med Norsk Standard. Gul sone økonomi – middels risiko
Permanent forureining	Grøn sone – akseptabel risiko
Fare for akutt forureining	Det må sikrast gode kontrollrutinar for jamleg vedlikehald av med anna utsleppsleidning, avløpssystem og lagring av ev. olje/drivstoff, kjemikalium mv. Grøn sone – akseptabel risiko
Forureining i sjø	I anleggsperioden og driftsperioden vert det nytta maskiner som nyttar olje/diesel på næringsområdet. Dieselfylling av anleggs-maskiner bør utførast på eigna stad, og utarbeidast system for oppsamling av olje der utekleking er mogleg. Ved ev. bruk av kjemikalium i drifta så må det utøvast varsemd ved bruk. Krav til oppbevaring er ein føresetnad. HMT/SHA-plan. Tysnes er med i Haugesund IUA. Gul sone økonomi og ytre miljø– middels risiko
Ulukke i av/påkøyringar	Årleg døgntrafikk gjennom planområdet er registrert med ÅDT 400, og fartsgrensa er 50 km/t. Planen endrar løysingar for kryss/avkøyrlar til/frå Fv. 5076. Planen sikrar tilhøva etter gjeldande normer og krav. Mjuke trafikantar vert fjerna frå Fv. 5076 med eige fortau. Grøn sone – akseptabel risiko
Ulukke med gåande/syklande	Årleg døgntrafikk gjennom planområdet er registrert med ÅDT 400, og fartsgrensa er 50 km/t. Planen regulerer eige felt på om lag 300 m for mjuke trafikantar langs Fv. 5076. Grøn sone – akseptabel risiko
Kraftforsyning	Det er ikkje planlagt for samfunnsviktige funksjonar med akutt trong for straum innanfor planområdet. Med omsyn til næringsområdet sett Akvakulturlova krav til naudaggregat.
Vassforsyning	Det er ikkje planlagt for samfunnsviktige funksjonar med akutt trong for vatn innanfor planområdet. For næringsområdet sett Akvakulturlova krav til naudinntak for vatn (for produksjon).
Beredskap	Tysnes har hovudbrannstasjon i Uggdal, med eit mindre depot på Nymark. Tysnes kommune har moderat brannberedskap.

Kjeldebruk: Reguleringsplan for Alsaker brygge sør - Onarheim gnr. 153, bnr. 1 mfl. (vedteke 25.04.2017)
 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap 2017, DSB Veileder Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging. Metode for risiko- og sårbarhetsanalyse i planleggingen.
www.fylkesatlas.no temakart
www.ngu.no
www.nve.no (temakart)
www.senorge.no (årsnedbør)
 Støyvarselkart, Statens vegvesen

ROS-analysen dekker her eksisterande situasjon, og er undersøkt med utgangspunkt i kjente databasar, sjå kjeldebruk. Tiltakshavar har bistått med lokalkunnskap om området. Usikkerheita i datagrunnlaget er vurdert til å vera tilstrekkeleg for vurdering av eksisterande situasjon og i forhold til 0-alternativet (dagens/uendra situasjon).

4.16 Næring

Alsaker Fjordbruk på Onarheim er eit av dei leiande oppdrettskonserna i Noreg innan produksjon av laks. Hovudkontoret ligg på Alsaker Brygge like nord for planområdet. Verksemda omset for om lag 2 milliardar kroner i året, og har om lag 300 tilsette. Alsaker Fjordbruk har 23 konsesjonar i sjøen, fire settefiskanlegg, eitt reinsefiskanlegg, slakteri, brønnbåt og eiga flåte med arbeidsbåtar. I tillegg har verksemda ein postsmoltkonsesjon, som er knytt til denne plansaka. Oppdrettsnæringa er godt etablert i Tysnes kommune og regionen elles, og har gode føresetnader for vidare utvikling. Postsmoltanlegget vert lokalisert i Alsaker Fjordbruk sitt kjerneområde, med kort avstand frå settefiskanlegg og sjøanlegg.

Søre del av Onarheim er dominert av Meidell-konsernet og Alsaker Fjordbruk sine ulike verksemder. Her er det etablert reinsefiskanlegg, kontor/administrasjon, i tillegg til at søknad om postsmoltproduksjon er godkjent. I nærliken av Onarheim ligg fleire av konsernet sine sjøanlegg. I tillegg er det etablert stor småbåthamn i området som er for private, men også hamn for arbeidsbåtar etc. tilhøyrande Alsaker Fjordbruk. I tillegg har tiltakshavar maritim serviceverksemd

inst i Elsåkervågen (LOS Fjord), og planlegg etablering av landbasert matfiskanlegg på Nedrevåge 137/8 nord for Onarheim.

I regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er Onarheim synt som regionalt viktig næringsområde. Områda i regionalplanen er henta fra kartfesting av eksisterande næringsareal til sjø og analyse av regionalt viktige næringsområda ved sjø i tilknyting til Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland (Asplan Viak AS). Dei regionalt viktige næringsområda ved sjø er peika ut på grunnlag av eit sett utvalskriterier, der det berre er dei største og viktigaste industriområda som blir kategorisert som regionalt viktige. Grunna den viktige rolla som oppdrettsnæringa spelar for regionen er alle landbaserte akvakulturlokalitetar i strandsona i kategorien «regionalt viktige næringsområde».

4.17 Analyser/utredning

Det er ikkje føreteke nye analysar eller utgreiningar i samband med planarbeidet, utover eksisterande analysar og vurderingar.

4.18 Eigedomstilhøve

Hovudeigedomen i planområdet er gnr. 153/1. Eigedomsgrensene innanfor planområdet er avklart. Tiltakshavar har god dialog med dei som nyttar bustadhus innanfor planområdet.

5 Alternativ lokalisering

Akvakulturnæringa er ei relativt ny næring historisk sett, og har ei svært høg utviklingstakt. Det er utfordrande å finna eigna lokalitetar til produksjon på land, som ikkje har avgrensingar i planstatus, miljøtilhøve eller andre særinteresser. Samstundes er det avgjerande for denne næringa å ha tilgang på tilstrekkeleg areal, kraftforsyning og annan infrastruktur. Samlokalisering av verksemد innanfor havbruksnæringa, som i klynga på Onarheim, er eit fortrinn i så måte. Slik kan ein planlegge innlegg frå settefiskanlegg, og leveransar av postsmolt til sjøanlegga utan behov for særslig transportetappar mellom anlegg på land og til matfiskanlegg i sjø. Tiltakshavar er sjølvforsynt med settefisk til sine sjøanlegg, men manglar moglegheita for å produsere postsmolt. Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger peiker på tilhøve som gjer areal eigna for postsmolt produksjon og desse er: «*Ideelle næringsområde for ein slik produksjon vil vera lågtliggjande areal (om lag 3 til 6 meter over havet), kort avstand til djupt vatn (om lag 40 meter eller djupare), god resipient, god tilkomst for brønnbåt, kort avstand til infrastruktur som veg og elkraft*».

Tildelte produksjonsløyve på land er gitt til spesifikke, geografisk bestemde, lokalitetar, og kan ikkje flyttast eller klarerast på fleire stadar som løyva på sjøanlegga. Det er teoretisk mogleg å utvide produksjonen på andre landanlegg som Alsaker Fjordbruk eig, men dette vil vera ein særslig liten og urasjonell produksjon. Slike alternativ krev også tilleggsareal tilknytt overvande, tradisjonelle settefiskanlegg, ilag med vesentlege endringar og oppgraderingar av eksisterande produksjonsmåte og infrastruktur. Dei fleste settefiskanlegga langs kysten manglar eigna tilleggsareal, i det dei har vorte lokaliserte i ei tid utan dei same arealkrava og arealbehova som næringa i dag opplever. Per i dag har ikkje Alsaker Fjordbruk postsmoltproduksjon nokon stad, og identifiserer Alsaker Brygge Sør som det best eigna alternativet både i høve til areal, infrastruktur og lokalisering. Tiltakshavar meiner at det vil vera klart større fordelar med å bygge nytt og moderne anlegg for å kunne løyse handtering av postsmolt enn ombygging av eksisterande anlegg. Nytt og moderne anlegg på land gjev ein meir rasjonell produksjon, og sikrar ein meir effektiv bruk av vatn med nyaste RAS-teknologi, høg reinsegrad og optimalisert kontroll på vasskvalitet, miljøparameter og fiskehelse. Fleire av desse tilhøve vil såleis betre miljøkonsekvensane og den samla belastninga frå oppdrettsaktivitetten.

På søraustsida av Tysnesøya er det regulert tre delområde til næringsføremål; Elsåkervågen, Onarheim/Alsaker Brygge og Nedrevåge. Alle desse areala er i eige av Meidell-konsernet. Det er elles få eller ingen sjønære næringsføremål i Tysnes kommune, som ikkje allereie er i aktiv bruk eller har ei storleik og lokalisering som postsmoltanlegget krev.

Nedrevåge

Dette er eit næringsføremål på om lag 120 daa nord for Onarheim sentrum. Arealet er detaljregulert i reguleringsplan Næringsområde Nedrevåge, gnr. 137 bnr. 8 (2003). Alsaker Fjordbruk har tidlegare planlagt nytt slakteri på eigedomen, som i dag er tilrettelagt med djupvakkai og base-/monteringsfunksjonar. Verksemda sokte i 2021 om konsesjon for matfiskproduksjon på land.

Matfiskproduksjon på land er arealkrevjande, og vil ta i bruk heile næringsarealet. Planlagt matfiskanlegg vil krevje om lag 110 daa til anlegget og anna infrastruktur. Planlagt postsmoltanlegg vil krevje eit næringsareal på om lag 40 daa.


Samanlikna med Alsaker Brygge Sør er ikkje Nedrevåge tilrettelagt med naudsynt kraftkapasitet i BKK Nett sine utbyggingsplanar på kort og mellomlang sikt, og det vil ikkje vera tilstrekkeleg areal for ei samlokalisering. I tillegg vil ei samlokalisering gå på tvers av alt tildelt postsmoltkonsesjon, og delvis tilrettelagt næringsområde innanfor gjeldande reguleringsplan på Alsaker Brygge Sør (2017). Eit anna forhold er at Nedrevåge manglar ei ferskvasskjelde for postsmoltproduksjonen, og vassdragskonsesjonen er knytt til Onarheimselva. Matfiskanlegget i Nedrevåge er i større grad sjøvassbasert, og ein meiner difor at alternativ lokalisering av postsmoltanlegg på Nedrevåge ikkje er aktuelt.

Elsåkervågen

I dei inste delane av Elsåkervågen er LOS Fjord etablert. Verksemda er knytt opp mot havbruksnæringa sitt behov for vedlikehald, feltservice og reparasjon av båtar, maskinar, utstyr med meir. I samband med bygging av nytt administrasjonsbygg for Meidell- og Alsaker Fjordbruk-konsernet på Alsaker Brygge 153/21 m. fl. vart basefunksjonane for Tysnes Fjordbruk sine sjøanlegg flytta frå Alsaker Brygge til Elsåkervågen. Ut frå planlagt bruk av området knytt til LOS Fjord og Tysnes Fjordbruk vil det ikkje på langt nær vera tilstrekkeleg areal for både postsmoltproduksjon, serviceverksemd og basefunksjon i Elsåkervågen.

Areala er regulert til næring i eksisterande reguleringsplan Langeland (Elsåkervågen) gnr. 154 frå 1976. Det vart varsle oppstart av ny plan for dette området i 2018. Tysnes kommune eigengodkjende planen i 2022, men det attstår framleis motsegn til planen. Gjeldande reguleringsplanar er vist i

Figur 21 under, saman med flyfoto over området. Som vist på flyfoto er store deler av strandsona sør for småbåthamna allereie planert og bygd ut.




Figur 21 Godkjente reguleringsplanar (til venstre) og flyfoto frå området (til høgre). Kjelde; kommunekart.

Alternative lokaliseringar i regionen

I samband med arbeidet med Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland vart det kartlagt og kartfesta regionalt viktige næringsområde ved sjø. Desse områda er peika ut på grunnlag av eit sett utvalskriterier. Dei skal ha god tilkomst frå sjøsida, inkludert god tilknyting til hovudfarlei, og romsleg kaiareal med djupvasskai. Dei skal ha kort tilkomst frå hovudvegnettet og hovudleia langs kysten. Områda skal dessutan ha ei viss «tyngd», det vil seie næringsområde som er store i areal, har eit høgt tal på arbeidsplassar, har høg verdiskaping, eller det skal vera ein næringstype som er spesielt viktig for regionen. Det er i tillegg gjort ei fagleg vurdering av kva rolle næringsområda spelar i ein regional samanheng.

Potensielt aktuelle område for eit akvakulturanlegg er innan kategorien kai med anløp av skip i internasjonal trafikk eller industriksi. På grunn av smitteomsyn er det i utgangspunktet ikkje ei god samlokalisering å plassera postsmoltanlegg tett på fiskerikai, mottaksanlegg for fisk, fiskeslakteri eller tett på annan landbasert akvakultur. Reiselivsanlegg ved sjø er heller ikkje i utgangspunktet ei god samlokalisering med eit akvakulturanlegg av ein viss storleik.

Potensielle område der det allereie er næringsetableringar i nærleiken av hovudkontoret til Alsaker på Onarheim vil såleis vera Tysnes næringspark, og Ølve, Uskedalen, Husnes, Bognes og Prestnes i Kvinnherad kommune. Dette er område som allereie er i bruk til ulike aktivitetar, og det er ikkje ledige areal til eit akvakulturanlegg av eit slikt omfang det er snakk om her. For å kunne ta i bruk eitt av desse områda ville det såleis vere naudsynt med ei utviding av næringsområdet, på same måte som det må gjerast i planforslaget. Det er dessutan fleire faktorar som må på plass for eit postsmoltanlegg, som til dømes ferskvasskjelde, god recipient, god kraftforsyning, m.v.



Figur 22 Utsnitt frå figur som viser regionalt viktige næringsområde ved sjø. Kjelde; Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Alsaker Brygge Sør, planområdet

Lokaliteten på Onarheim er eit satsingsanlegg for Alsaker Fjordbruk. Lokaliteten er godt eigna for postsmoltproduksjon med omsyn til eksisterande produksjonsløyver, lokalisering i høve til matfiskanlegg i sjø, tilkomst sjøvegen, eksisterande infrastruktur og investeringar som er teke i området. I tillegg omsyn til høgde over havet, tilkomst til sjø, tilgjenge for sjøvatn og recipient, kort veg til infrastruktur som veg og elkraft og at særinteresser i området er noko avgrensa. Samstundes vil samlokaliseringa og koplinga til eksisterande anlegg og kontorfasilitetar vera god.

Innanfor planområdet er det valt å utvide næringsføremålet sørvestover samanlikna med gjeldande plan. Eit alternativ til dette ville vera å fylla meir utover i sjø, mot aust/søraust utanfor areal avsett til næring i gjeldande plan og løyve gitt i dispensasjoner. Dette ville gitt ei stor utfylling på særskilt djupt vatn (kt -30/-40), og følgeleg ugunstig bruk av massar der store mengder kubikkmeter gir få kvadratmeter landareal. Planforslaget si løysing inneber ei dreining av anlegget meir inn på fast fjell og landareal, kombinert med ei meir avgrensa utfylling i sjø der gytefeltet òg vert teke meir omsyn til enn alternativet. Totalt sett er det vurdert som mest hensiktsmessig med omsyn til gjeldande regulert og utbygd situasjon å forlenge næringsområdet sørover. Det er òg gunstig med omsyn til potensiell framtidig arealdisponering og moglegheit for å knyte tettare saman dei to tilgrensande næringsområda på Alsaker Brygge Sør og Elsåkervågen.


Konklusjon

Vurderingane ovanfor syner at det er ingen eigna næringsområde i kommunar i nærleiken, i kommunen eller annan, meir gunstig utforming av planområdet. Planforslaget er difor knytt til delområde sør for Onarheim sentrum, eit areal der det er gitt konsesjon til postsmoltproduksjon. Deler av arealet er regulert til næringsføremål, og det er gitt fleire dispensasjoner utover godkjent reguleringsplan. Desse forholda er grunnlaget for planframlegget og ønske om å etablere postsmoltanlegget her. Samla verknad av planframlegget og andre næringsområde i nærleiken er skildra i kapitel 8.1.

6 Skildring av planframlegget

Intensjonen med planen er å fremje arealbruk knytt til sjøretta næringsaktivitet. Samanlikna med gjeldande plan ønskjer ein å fremje ny plan som er meir næringsretta, og kan dekke dei behova som er knytt til realiseringa av tildelt postsmoltkonsesjon. Dette vert realisert ved å utvide næringsføremål på land og i sjø mot Elsåkervågen og fylkesvegen, samt fase ut det meste av bustadføremåla langs fylkesvegen.

6.1 Planlagd arealbruk



Figur 23. Plankart.

6.1.1 Bustadføremål (BFS) og kombinert føremål (BKB)


Det er regulert tre areal til bustadføremål – frittliggende bustadføremål – innanfor planområdet. BFS1-2 er vidareført frå gjeldande reguleringsplan og regulerer eksisterande bustadhus innanfor BFS1 og naust innanfor BFS2. BFS3 er ei ubygdi bustadtomt lengst sørvest i planområdet. Dette arealet er i eksisterande reguleringsplan også regulert til bustad, og er teke med som ei erstatning for eksisterande bustadhus midt i området. Byggegrense mot fylkesvegen er lik som tidlegare reguleringsplan, ca. 12,5 meter frå senterlinje veg. Føringar om 35 % utnyttingsgrad er vidareført frå gjeldande reguleringsplan.

Område BKB er regulert som eit kombinert føremål frittliggende bustad og næring. Bakgrunnen for føremålet er at eksisterande bustadhus kan brukast vidare som det fram til det er behov for at arealet vert teke i bruk som

næringsføremål. Byggegrense mot fylkesvegen er min. 12,5 meter og som bustadtomt 35%BYA, slik som i gjeldande reguleringsplan.

6.1.2 Næringsføremål (BN)

Det er regulert eit større næringsføremål til bruk for sjøretta næringar; industri, lager, havbruk, kontor og kai. Bakgrunn for arealet er behov knytt til etablering av postsmoltanlegg der all produksjon vil skje i innebygde hallar med tradisjonelle ytre former. Føringer frå tidlegare reguleringsplan er vidareført med 80 % BYA og etablering av kranar og installasjonar som er nødvendig for drift av kai og næringsareala. Det er sett krav om byggehøgd på maksimalt 22 meter over planert terreng mellom kote +4 og +2, noko som kan gi topp mønehøgd på kote +29,5. Dette er 4 meter høgare enn gjeldande plan som gir 18 meter byggehøgd. Vidare er det sett krav om at bygga skal ha dempa farge- og materialbruk og tradisjonell takform tilpassa kringliggende bebyggelse – herunder også tiltakshavar sine andre, nærliggande prosjekt på Alsaker Brygge gnr. 153/21 og Onarheim Bruk gnr. 152/99. Bygga er planlagt med saltak. Føremålsgrensa til sjø er lik topp fylling og/eller kaikant. Fyllingsfot vil ligge i tilgrensande areal.



Figur 24. Situasjonsplan. Kjelde; Alsaker Fjordbruk AS.

Utgangspunktet for reguleringsplanen er etablering av postsmoltanlegg. Det er planlagt som eit nytt resirkuleringsanlegg med inntak av vatn frå Onarheimselva og sjøområdet utanfor. Etablering av anlegget er ein del av Alsaker Fjordbruk sin strategi om å redusere tida fisk er eksponert i opne merdar i sjø, og på den måten redusere smittepress og lusepåslag i sjøfasen. Det er i 2019 gitt konsesjon for produksjon av inntil 17 millionar postsmolt med ein snittstorleik på 825 gram. Det gjev ei levert mengde fisk på ca. 14 000 tonn per år, og ein produksjon på inntil 12 300 tonn per år ved inntak av 100 grams fisk. Verksemda har konsesjonsnummer HT-0029 tildelt av Vestland fylkeskommune.

Arealbruk og -behov innanfor planområdet er basert på konsesjonsmengda. Dette inneber ein bygningsmasse på om lag 18.000 m² BYA som vil innehalde produksjonsmodular med kar, biofilter og tilhøyrande teknisk infrastruktur. I tillegg må det vera areal til andre funksjonar som t.d. oksygen, slamhandtering, vassbehandling, trafoar, aggregat, lager, kontor, parkeringsplassar, samt areal for intern trafikk og manøvreringsareal. Kaiarealet er sentralt for transport til og frå anlegget, og det er planlagt kai langs heile næringsområdet. Dagens planerte areal er om lag 18 daa stort, noko som ikkje er tilstrekkeleg for planlagt bygningsmasse, funksjonar og manøvreringsareal. Det er difor regulert for utfylling i sjø og sprenging av landarealet for å få tilstrekkeleg lengde og breidde på arealet. Sjå situasjonsplan over som viser mogleg utnytting av og plassering av tiltak på næringsområdet, Figur 24. Totalt fremjar planen areal til næringsføremål (inkl. kombinert føremål) på om lag 39 daa.



Figur 25. Illustrasjon sett frå sjøsida mot det nye postsmoltanlegget. I høgre bildekant er deler av OnarHamn synt. Illustrasjonar: ProLed AS.

Arealet vil ha utnyttingsgrad på 80 % BYA som i gjeldande plan, og er samanlikna med mange andre postsmoltanlegg relativt arealeffektivt. Det skuldast planlagt store karvolum med karhøgde på opp mot 8 meter. Dette inneber ein høgare produksjon i tonn målt per kvadratmeter. Samanlikna med mange andre anlegg gir dette ei høg sysselsetting og verdiskaping per kvadratmeter næringsareal. I tillegg er det ikkje behov for større areal til administrasjonsfasilitetar sidan anlegget ligg tett på hovudkontoret til Alsaker Fjordbruk, og berre vil ha behov for direkte, driftsmessige, kontorfunksjonar. I denne samanhengen ser ein også synergieeffektar med behov for parkeringsplassar innanfor området.

Arealet er planlagt på nivå med opparbeida næringsareal som ligg mellom kote +2 til +4 i samsvar med gjeldande plan. Det vil vera fall på området slik at overvatn kan handterast og leiast ut til sjøområdet gjennom etablerte filterkummar. Framtidig havnivåstiging med klimapåslag og bygningar innanfor sikkerheitsklasse 2 krev min. høgde kote +1,88 over normalnull 2000, jf. sehavnivå. Tiltaket er planlagt i samsvar med dette, der grovplaneringshøgde er om lag kt +2, kaihøgde om lag kt +2,2 og bygg vert plassert på om lag kt +2,5.

Det er etablert fjellskjering på deler av planområdet mot fylkesvegen, medan anna areal er oppmurt tidlegare i samband med oppgradering av fylkesvegen forbi næringsområdet. Dei etablerte skjeringane som er anlagt i samsvar med reguleringsplan for Alsaker Brygge Sør er prosjektert og vurdert av geolog Russenes RRG. I tillegg har Mesta Fjellsikring

utført sikringsarbeid. Framtidige fjellskjeringar mot fylkesvegen vert liggjande noko lengre frå fylkesvegen enn dei som allereie er etablert. Etablerte skjeringar vil verte prosjektert og sikra i tråd med tidlegare utføring.

Det er forventa i driftstida at anlegget vil ha estimert 30-40 tilsette, og at det vil vera leveransar/tungransport landvegen 7-10 ganger i veka. Tilkomst til området er frå eksisterande kryssløsing til fylkesvegen nord for planområdet, via næringsareala her, og langs opparbeida køyreveg som ligg dels parallelt med fylkesvegen (på lågare nivå). Intern køyreveg på næringsområdet er ikkje regulert då ein ikkje vil låse planløysinga på området. I tillegg gir ikkje vegen tilgang til offentlege areal som t.d. kai, som gir eit behov for å regulere køyreveg i plankartet. Bygningsmassen vil truleg plasserast inntil fjellskjering mot fylkesvegen, og intern køyreveg vert liggjande på sjøsida av bygga og mot kaiarealet. Dette gir ei god intern løysing på området og ein sambruk mellom køyreveg og bakland til kai som er mest mogleg arealeffektivt. Det er i situasjonsplanen over synt mogleg løysing for bygg, parkering og snuplass for større køyretøy.

Figur 26. Illustrasjon av eksisterande vegtilkomst og parkeringsplassar i området.



6.1.3 Landbruksføremål (naust, LL) og småbåtanlegg (BSB)

Bakrunnen for føremåla er at det i eksisterande plan er opna for gardstilknytt naust i området. I planomtalen frå planen 2017 les ein at gnr. 153/1 mista naust, brygge og båtopplagsplass pga. omdisponering til næringsføremål, og at naustområdet er ei erstatning for dette. Det vart difor opna for eitt erstatningsnaust i etablert område med naust, der byggeområdet er avgrensa til bygningskroppen for å hindre privatisering av området rundt nausta. I tillegg har tiltakshavar tapt eit større naustområde, 31 meter strandline / 325 m² naustområde, grunna utfylling i tilstøytande reguleringsplan for Alsaker Brygge (1998).

Føremåla knytt til landbruksnaust og småbåtanlegg er ei vidareføring av eksisterande reguleringsplan. I området er det eitt eksisterande naust med tilhøyrande flytebrygge. Det er vidare opna for tre nye naust/sjøhus i området, der føresegnene set klare krav til storleik og bruksområde til bygga. Føringerane er i samsvar med gjeldande kommuneplan, og regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. I sjø er det opna for bryggje/kai, flytebryggjer og bølgjedempar.

Tilkomst til arealet er, som i dag, ein eldre etablert sjøsveg frå fylkesvegen gjennom tilgrensande grøntområde. Eksisterande avkøyring, SV3, vil verte vidareført som i dag, der den mellom anna fungerer som tilkomst for bustad og LL1.

6.1.4 Friluftsliv (LF)

Føremålet friluftsliv ligg i eksisterande plan, og type arealføremål er vidareført. Arealet er i overkant av 5 daa og vil fungere som ein buffer og grøntområde mellom næringsføremål i nord og busetnad i sør. Det regulerer også eksisterande tilkomstveg til LL1. Det er i tillegg opna for nødvendig skogs- og tilkomstveg i området. Mellom anna tilkomst mellom næringsområda i planområdet og i Elsåkervågen. Føremålet vil medverke til at eksisterande vegetasjon vert teke i vare i området. Det er opna for friluftsretta tiltak innanfor føremålet, dvs. tiltak knytt til rekreasjon og friluftsliv. Leikeområdet i gjeldande plan fell bort i det talet bueiningar vert redusert frå 30 til 1.

6.1.5 Samferdselsføremål (SV, SKV, SF)

Eksisterande fylkesveg med tilhøyrande regulert areal for fortau er synt i plankartet. Desse areala er regulert som køyreveg, o_SKV1, og fortau, o_SF1-2. Begge føremåla har offentleg eigarform. Det er ikkje planlagt endring av fylkesvegen eller kryssløsing som ligg utanfor planområdet på grunn av planframlegg. Ein har teke vekk rekkefølgjekrav til deler av regulert fortau, o_SF_1, lengst vest, då ein meiner det ikkje er grunnlag for å sette rekkefølgjekrav lengre. Det er ikkje regulert kryssingspunkt innanfor planområdet då ny busetnad innanfor planområdet ligg på same side som fortauet. Naturlege kryssingspunkt nærmare sentrum ligg utanfor planområdet. Eksisterande to avkøyringar sør for fylkesvegen er vidareført i planframlegg.

Veg SV1 regulerer hovudtilkomst til næringsområdet, samt bustadeigedom gnr. 153/4. Vegen er regulert med privat eigarform, og er oppgradert og etablert som ledd i opparbeidinga av gjeldande reguleringsplan for Alsaker Brygge Sør. Den vert i dag nytta som anleggsveg for grunnarbeid innanfor planområdet. Den sørlegaste avkøyringa er tilkomstveg til eksisterande bustad på gnr. 153/16, og framtidig bustad på BFS3. Den andre avkøyringa er etablert avkøring til eksisterande bustadhús og vil som i dag verta nytta som tilkomst for regulert LL1 (område for naust/sjøhus).

Byggegrense frå eksisterande reguleringsplan er vidareført i planforslaget. For bustadføremålet i sør gir det ei byggegrense på ca. 12,5 meter, for næringsarealet min. 10 meter, og for eksisterande bustadeigedom i nord min. 10 meter. Det er, og vil vera, stor høgdeforskjell mellom næringsarealet og fylkesvegen, og sikring av fylkesvegen/fortau er viktig for å hindre ulykker og fall innpå næringsområdet. Det er sett krav i føresegne om at skjeringar er stabile og sikra.

6.1.6 Hamneområde i sjø (VHS) og kombinert føremål i sjø: Fersel/fiske/natur/friluftsliv (VKA)

Områda utanfor næringsføremålet i nord er regulert til hamn og kombinertføremål i sjø. Hamneområdet er knytt til kaiarealet på næringsføremålet og skal sikre manøvreringsareal for båtar. Det er opna for å kunne etablere bølgjedempar/pir i grensa til det kombinerte føremålet, samt flyteelement. Piren vil skape eit tydeleg skilje mellom næringsretta fersel og fersel knytt til småbåthamna. Det kombinerte føremålet likestiller føremåla og sikrar tilkomst til småbåthamna.

6.1.7 Omsynsmonter

Det er regulert frisiktsoner ved alle avkøyringar og kryss.

6.1.8 Føresegnsområde,

Det er regulert eit føresegnsområde, #2_1, som gir opning for bølgjedempar/pir som vil danne eit klart skilje mellom næringsområdet og OnarHamn småbåthamn nord for planområdet. Arealet er sett relativt stort for å gi ein fleksibilitet med omsyn til konkret plassering av tiltaka. Tiltaket skal omsøkast etter plan- og bygningslova og hamnelova.

6.1.9 Rekkefølgjekrav

For å sikre at nødvendig infrastruktur og fasilitetar vert bygde er det sett følgjande rekkefølgjekrav:

- Nye bygg kan ikkje takast i bruk før teknisk infrastruktur, som m.a. veg, vatn og avløp, som er nødvendig for utbygginga er ferdig opparbeidd og gitt ferdigattest.
- Teknisk plan for vatn, avløp og overvatn skal godkjennast av Tysnes kommune før anleggsstart. Før bruksløyve for VA-anlegget kan gjevast, skal det ligga føre «som bygd» dokumentasjon for anlegget, godkjent av kommunen.
- Det skal gjennomførast grunnundersøking av sjøområdet før det kan tillata utfylling i sjø.
- Etablerte og framtidige skjeringar, jf. TEK17, må dokumenterast med omsyn til stabilitet og sikring før mellombels bruksløyve/ferdigattest kan gjevast.

6.2 Massebalanse

Det er lagt opp til utfylling av massar i sjø og ny kystkontur i sørlegaste del av næringsområdet. Deler av eksisterande areal består allereie i dag av utfylte massar. Det er stadeigne massar som er nytta i denne fyllinga, og dette vil også vera situasjonen for nytt utfyllingsareal. Det er ikkje avdekkja forureinande massar i samband med eksisterande tiltak.

Det er lokale massar som vil verta nytta i ny utfylling i sjø, ved at planen opnar for inngrep og dermed sprengstein i terrenget sørover frå dagens område. Steinmassane i området er fyllitt, til liks med alt uttekne og utfylte massar. Planen opnar for å kunne fylle ut i sjø på heile næringsføremålet, og at toppfylling er lik føremålsgrensa. Dette gir grunnlag for

å fylle ut om lag 10 daa. Det er på det meste om lag 20 meter djupne der ein skal fylle ut for nytt næringsområde. Massane vil truleg verta utfylt ut i sjø med ein fyllingsgrad på 1:1,3. Planen opnar for å kunne sprengje opp mot 9 daa innanfor planområdet. Skjeringane er planlagt med skjeringsgrad på 10:1. Samla gir dette grunnlag for eit tilnærma massebalanse i området, medrekna ferdigstilling av utfylling og planering av området i samsvar med planen. Det er mogleg å tilpasse utbygginga slik at massebalanse vert oppnådd. På store deler av området skal det etablerast kai. Kaien vil bli etablert som standard industrikai med pæling og delområde med muring med blokker.

Utfylling i sjø kan medføre miljøulemper som spreieing av miljøgifter, partiklar slam og avfall, samt forstyrring eller skade av fysiske skadar i sjøområdet. Desse ulempene er regulert i planen gjennom avgrensing av arealføremål, type massar som kan nyttast og at utfylling i sjø skal skje utanfor gytesesongen til torsk. Det må søkast om nødvendige løyve til utfylling i sjø før tiltak kan gjennomførast, m.a. etter forureiningslova.

6.3 Teknisk infrastruktur

Det er privat vassforsyning og avløpsløysing i området som vil dekke den sanitære delen av anlegget. Sløkkevatn vil verta løyst i kombinasjon av vassforsyning frå vassverket, samt inntaksvatn frå Onarheimselva. I tillegg vil det etablerast infrastruktur knytt til produksjonen på anlegget. For ferskvatn vil anlegget kople seg til etablert infrastruktur knytt til Onarheim Bruk AS (reinsefiskanlegg) som har inntak i Onarheimselva. Sjøvassinnntak er planlagt på ca. 80 meters djupne i Onarheimsfjorden. Reinsa utslepp er planlagt i fjorden på om lag 30 meter djupne enten det er knytt til eksisterande anlegg sitt utslepp eller i rett linje utanfor anleggsområdet.

Sannsynleg plassering er den godkjende alt. 2. Leidningar i sjø vert liggjande på sjøbotn og festa til botn med t.d. lodd. Desse vil ikkje vera til hinder eller vera i konflikt med sjøverts ferdsel. Det er ikkje registrert ankringsfelt eller liknande som leidningane vil vera i konflikt med. Tiltaka vil vera i tråd med tildelte løyve gitt i samanheng med konsesjon. Prinsippløysingar er synt i skisse under.



Figur 27 Oversikt over inntakspunkt for fersk- og sjøvatn, og utsleppspunkt for det planlagde postsmoltanlegget i området. Kjelde; Dokumentasjonsvedlegg til søknad om nytt landbasert anlegg for produksjon av postsmolt for Onarheim Bruk AS avd. Postsmolt på Onarheim i Tysnes kommune, Rådgivende biologer, 2018.

I driftsfase vil løysing knytt til renovasjon vera å kople seg på dagens løysing som kontor og reinsefiskanlegg har i området. I tillegg vil det vera avfallsprodukt frå produksjonen av postsmolt. Det er lagt opp til slamhandtering på området som er i tråd med tildelt løyve gitt i samband med konsesjonsløyve. Slammet vil verta handtert lokalt i lukka anlegg/bygning med hyppig levering til godkjent mottak for å unngå lukt.

Innanfor næringsområdet vil det i hovudsak vera tette flater av betong eller asfalt, og deler av dagens naturlege fordrøyning i naturområda vert fjerna. På næringsområdet vil det vera fall mot sjø slik at overvatn vert leda mot sjø, og elles røyrsystem og filterkum som leiar vatnet til sjø. Det er korte avstandar til sjø utan flaumfare for andre eigedomar. I område med bustadar vil naturleg infiltrasjon i terrenget handtere overvatn. Attståande grøntområde vil ha ei naturleg fordrøyning.

Tiltakshavar har hatt og har tett dialog med kraftleverandør for realisering av postsmoltanlegget. Av ny infrastruktur er det planlagt å legge til rette for ny 22 kV-linje og to trafostasjonar innanfor planområdet. Det er forventa eit forbruk i driftsfasen på om lag 8 MW/år. Denne infrastrukturen er under etablering.

6.4 Avbøtande tiltak/løysingar, jf. ROS

Planframlegget opnar for tiltak i område som i dag er regulert og nyta som utbyggingsareal og utmarksareal. På deler av området er det infrastruktur, på andre er det ingen. Analyse av dagens situasjon og framtidig situasjon etter realisering av planframlegget er gjennomført i kapitel 4.15 og 8.4. Situasjonen er vurdert sett i samanheng med gjeldande reguleringsplan og om dei tiltaka som planendringa omhandlar endrar risikobildet. Planendringa aukar ikkje risikobildet, og dei fleste forholda er akseptable med føresetnad at tiltaka vert gjennomført i samsvar med lovar og reglar, og ved normale driftsforhold og rutinar. Analysane viser at det er to hendingar som er vurdert til å hamne i gul

m.o.t. sannsyn og konsekvens. Desse hendingane er skildra i tabellen under her, med ei vurdering og utgreiing av tiltak og oppfølging gjennom planverktøy, regelverk og ev. andre tiltak.

Nr.	Tiltak, oppfølging gjennom planverktøy og anna
Forureina grunn	Det må sikrast at massar som vert nytta til ev. utfylling er reine. Sedimenter i sjø må også vera tilfredsstillande. Tiltakshavar førettek jamleger målingar i tråd med Norsk Standard.
Forureining i sjø	I anleggsperioden og driftsperioden vert det nytta maskiner som nyttar olje/diesel på næringsområdet. Dieselfylling av anleggsmaskiner bør utførast på eigna stad, og utarbeidast system for oppsamling av olje der utekking er mogleg. Ved ev. bruk av kjemikalium i drifta så må det utøvast varsemd ved bruk. Krav til oppbevaring er ein føresetnad. HMT/SHA-plan. Tysnes er med i Haugesund IUA.

7 Konsekvensutgreiing

Det er lagt til grunn at konsekvensutgreiinga ikkje ser på alternative lokaliseringar i regionen, kommunen eller av planområdet. Dette med bakgrunn i konklusjonane i kapitel 5 som viser at det er få eller ingen eigna næringsområde i kommunar i nærlieken, i kommunen eller anna utforming av planområdet. Planforslaget er difor knytt til Alsaker Brygge Sør der det er gitt konsesjon til postsmoltproduksjon. Samla verknad av planframlegget og andre næringsområde i nærlieken er skildra i kapitel 8.1.

For å kunne vurdere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å ha kjennskap til kva konsekvensar og verknader tiltaket gir. Ei føresetnad for slike vurderinger er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Gjennom kunnskap om desse samanhengane kan verknadane av eit tiltak eller ein plan utsleppast. Verknadane av eit tiltak kjem fram ved å beregne eller vurdere forventa tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket. Det vert nytta ein 7-delt skala for å angi konsekvens, stor positiv (+++), positiv (++)+, liten positiv (+), ingen (0), liten negativ (-), negativ (--) eller stor negativ (---) konsekvens av planframlegget.

Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ - for å kunne sei noko om konsekvens. Referansesituasjonen er dagens situasjon og planstatus. For kvart tema vert det vurdert moglege avbøtande tiltak eller føringar for å redusere dei negative konsekvensane.

- **0-alternativet:** Planframlegget skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom planframlegget ikkje vert godkjent. 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar.

0-alternativet i saka er dagens situasjon, tildelt postsmolt konsesjon og gjeldande detaljreguleringsplan sine rammer.

- **Planalternativet:** Dette er planframlegget som gir framtidig utvikling av området. Planframlegget er ei planendring der ein del av eksisterande reguleringsplan er vidareført. Dette er knytt til samferdselsføremål, bustadføremål, samt naust- og småbåtanlegg.

I gjeldande reguleringsplan er om lag 13 daa regulert til næringsføremål. Det er godkjent nye areal til næringsføremål gjennom dispensasjonar på om lag 7 daa. Totalt fremjar planen areal til næringsføremål på om lag 39 daa. Endringane i planframlegget er knytt til om lag 19 daa større næringsføremål, og dermed mindre areal til bustad- og friluftsføremål på land og i sjø. Utviding av næringsføremålet omfattar areal i eksisterande reguleringsplan regulert til bustadføremål, vegetasjonsskjerm, Friluftsføremål på land og i sjø og vassdrag i sjø. Tiltaka omfattar inngrep i terren og fylling i sjø.

Kunnskapsgrunnlag

Nærliggjande område er undersøkt og omsøkt i samband med gjeldande reguleringsplan og søknad om konsesjon for postsmoltproduksjon. Det er gitt løyve til postsmoltproduksjonen i området, slik at forhold knytt til driftsmessige forhold som t.d. utslepp og vassinnntak er avklart. I søknadsgrunnlaget etter akvakulturlova inngår også konsekvensutgreiing.

Følgjande undersøkingar og rapportar utover gjeldande reguleringsplan er utarbeida:

- Dispensasjonar med utgreiingar frå 2019 og 2020

- Rådgivende Biologer AS: Dokumentasjonsvedlegg til søknad om nytt landbasert anlegg for produksjon av postsmolt for Onarheim Bruk AS avd. Postsmolt på Onarheim i Tysnes kommune. Rapport 2722. 2018
- Rådgivende Biologer AS si undersøking av fjære- og sjøsonen frå indre deler av Elsåkervågen og opp til Dørsvik. Synfaring vha. fridykking og båt med sjøkikkert i november. Haugsøen mfl. 2018.
- Rådgivende Biologer AS: Naturmangfoldet i Elsåkervågen og virkning av planlagt utvidelsesareal ved Alsaker brygge sør. 16.03.2021
- Bjarte Hellevang, Eadu AS har utarbeida notat i samband med skred: Vurdering av fare for snøskred og steinsprang, samt behov for skredfareutredning, Onarheim. Alsaker Brygge Sør. 15.03.2021

7.1 Landskap


Sett frå sjøen vil naturskogen og det bratte terrenget få eit anna inntrykk enn dagens situasjon. Planendringa vil innebere ei utviding av eksisterande skjering mot fylkesvegen på lag 100 meter. Dette er eit landskapsinngrep som i anleggsfase vil vera godt synleg for område som har innsyn til tiltaksområdet. Det er planlagt bygningar noko høgare enn gjeldande reguleringsplan, men same utnyttingsgrad. Bygga vil dekke store deler av skjeringa, og spesielt i området med høgast naturleg skjering. Topp mønehøgd vil vera opp til kote +29,5, og skjeringane kan bli opptil 30 meter høge. Terrenget og inngrepa fell i retning Dørsvika i vest, slik at det vert ei naturleg nedtrapping lengst vest. Ut frå eksisterande og planlagde tiltak, samt landskapskarakteren og skala i området, toler området i viss grad dei høge skjeringane. Deler av dei høgaste skjeringane planen opnar for, er allereie i dag etablert, og ligg i tilknyting til fylkesvegen nord i planområdet. Deler av skjeringane tilknytt næringsområdet vil verte dekt av bygningar med tradisjonelle ytre rammer/maritimt preg – og inngå i ein heilskap med andre prosjekt på Onarheim (administrasjonsbygg gnr. 153/1,21 og reinsefiskanlegg gnr. 152/99). Sjå illustrasjonane for tiltakshavar sin visjon for utforming og heilskapleg planlegging.




Figur 28 Illustrasjonar frå sjøsida direkte mot postsmoltanlegget. Illustrasjon: ProLed AS.

For nærområdet vil planendringa ha ein negativ visuell konsekvens grunna større inngrep i terrenget og store kompakte næringsbygningar. For å dempe inntrykket er dei nye bygga planlagt med tradisjonelle ytre rammer og maritim utsjånad, slik som eksisterande tiltak knytt til Alsaker Fjordbruk (Onarheim Bruk og planlagt administrasjonsbygg på Alsaker Brygge). Dette vil knytte området visuelt saman med områda nord for elva og ny administrasjon på sør-vestsida av elva. Sjå illustrasjonar under.

Den visuelle konsekvensen for fjernare område er av mindre omfang sidan deler av tiltaksområdet ligg dels skjult av halvøy/øyar i sør som hindrar direkte innsyn til området frå lengre avstandar frå aust/søraust. Tiltaksområdet har og eksisterande inngrep i bakkant i form av bygningar og fylkesvegen. Fjellpartiet stig i bakkant av tiltaksområdet opp mot 325 m.o.h. Det er ikkje direkte innsyn til næringsområdet frå Onarheim sentrum, og området er synleg berre eit kort delstrekks langs fylkesvegen. Det er i stor grad område med eksisterande tiltak som er synleg frå fylkesvegen. Det utvida næringsområdet er ut frå terregngformasjonar delvis skjerma for innsyn frå fylkesvegen. Næringsområdet ligg godt skjerma frå busetnad i området, men vil vera godt synleg frå sjøsida og frå båtanlegget OnarHamn.



Figur 29. Illustrasjon sett frå sjøsida i retning mot Elsåkervågen. I framkant av bildet er reinsefiskanlegget ved Onarheimselva. Det nye postsmoltanlegget er midt i bildet. Illustrasjonar: ProLed AS.



Figur 30. Illustrasjonar sett frå drone- og sjøperspektiv i retning mot OnarHamn og postsmtolanlegget. Illustrasjonar: ProLed AS.



Figur 31. Illustrasjon sett frå droneperspektiv i retning mot Elsåkervågen. I framkant av bildet er det nye administrasjonsbygget til Alsaker Fjordbruk. Tilkomstveg til det nye postsmtolanlegget er synt til høgre for parkeringsplassar til kontoret, og sjølve anlegget midt i bildet. Illustrasjonar: ProLed AS.



Figur 32. Illustrasjonar av planlagt utbygging frå Onarhamn i retning Alsaker Brygge Sør. Elsåkervågen ser ein lengst sør i bildet. Illustrasjonar: ProLed AS.

Planlagt bustadføremål i eksisterande reguleringsplan er i stor grad teke ut og erstatta med næring- og friluftsføremål. Denne sona vil vera eit grønt belte mellom næringsverksemd og anna bruksføremål. Tiltak knytt til fortetting av naust-/sjøhusområde med tre ekstra naust inneber ingen landskapsmessig verknad. Vegetasjon i friluftsområdet vil i stor grad verta teke vare på, og vil medverke til å hindre innsyn til næringsområdet frå eksisterande og ny bustad sør i/for planområdet.

Konklusjon


Samla utgjer tiltaka i planendringa inngrep i terren og utfylling i sjø. Tiltak i terren og utfyllinga i sjø er sett i samanheng med eksisterande utfyllingslinje, samt for å opprette tilnærma massebalanse i området. For nærområdet vil planendringa ha ein negativ visuell konsekvens grunna større inngrep i terren og store kompakte næringsbygningar. Fjernverknaden er noko meir avgrensa grunna eksisterande tiltak i området og at øyar/holmar skjermar innsyn til området. Det er ikkje direkte innsyn til næringsområdet frå Onarheim sentrum.

Konklusjon: Liten negativ til negativ (---) konsekvens

7.2 Strandsone, friluftsliv

Heile planområdet på land ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag, jf. pbl. § 1-8. I 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.


I eksisterande reguleringsplan er store deler av areala regulert til utbyggingsføremål, bustad eller næring. I planframlegget har ein teke ut dei store bustadføremåla og endra dei til frilufts- og næringsføremål. I eksisterande reguleringsplan er om lag 3 daa regulert til friluftsområde. Tidlegare er om lag 1 daa omdisponert gjennom godkjent dispensasjon. Planframlegget omdisponerer heile dette friluftsføremålet, og samla er om lag 2 daa friluftsføremål omdisponert til næringsføremål i planframlegget. I sjø omdisponerer planframlegget heile arealet regulert til friluftsområde i sjø, 9 daa, til næringsføremål. Av dette er om lag 4 daa allereie omdisponert gjennom godkjent dispensasjon. I planframlegget er det regulert om lag 5 daa friluftsføremål på land. Dette sikrar tilkomst til LL1 (naust/sjøhusområdet), samt vil fungere som ei skjerming av busetnad i sør og at vegetasjon vert teke i vare. Samla sett fremjar ein no ein plan med tilnærma likt areal regulert til utbyggingsføremål innanfor 100-metersbeltet som i eksisterande reguleringsplan. Sjå figur under.



Figur 33. Samanlikning av eksisterande reguleringsplan (til venstre) og planframlegg (til høgre). Skravert område er 100-metersbeltet mot sjø.

Området for utviding av næringsarealalet er bratt og lite tilgjengeleg både fra sjø og landsida. Sjønært areal i området vert ikkje nytta av born eller andre til rekreasjon eller friluftsliv. Areala sør for OnarHamn vert ikkje nytta som utgangspunkt for båtutfart, med unntak av eksisterande naust og flytebrygge i Dørsvik. Dørsvika er det sørlegaste punktet innanfor gjeldande reguleringsplan og er regulert til LNF-gardsnaust og småbåtanlegg. Det er ikkje tilrettelagt eller eigna for større småbåthamn i dette området, og er regulert slik for å tilrettelege for erstatningsnaust/sjøhus og hovudbruket sine behov for sjøvegs tilkomst.

Det er etablert stor småbåthamn nord for tiltaksområdet, OnarHamn. Planframlegget kjem ikkje i direkte konflikt med tiltaka i OnarHamn då utvida næringsareal er lokalisert lengre sør, i forlenginga av allereie utfyllingar godkjent til næringsføremål. Den minste avstanden mellom hamneføremålet og brygge på OnarHamn er i overkant av 60 meter. Innanfor hamneføremålet er det no gitt opning for å etablere pelekai for å skjerme hamneområdet. Denne kaien vil også fungere som eit skilje mellom ferdsel i sjø til næringsområdet og tilgrensande småbåthamn i nord. Dette er eit positivt tiltak for å hindre uheldige hendingar i sjøområdet.



Figur 34. Bilde frå nordleg del av næringsområdet i retning OnarHamn. Mai 2022.

Eksisterande regulert og opparbeidd næringsområde tilseier at nærområdet ikkje er særleg nytta til opphold eller til rekreasjon verken på land eller i sjø. Strandsona i dette området er i strandsonekartlegging frå SSB vurdert som utilgjengeleg grunna hellinga på området. Det er tilgrensande område i nord som er utfartsområde til andre og meir eigna/tilrettelagde friluftsområde. Ei utviding av næringsområdet skjer i retning frå opparbeidde tilbod. Det registrerte friluftsområdet i sjø er i stor grad knytt til tilboda på OnarHamn. Planframlegget vil ha mindre innverknad for den totale verdien for friluftsområdet, då dei tilrettelagde tilboda ikkje vert påverka. Dei meir private tiltaka i Dørsvika, naust og flytebrygge, vil heller ikkje verta direkte påverka av planframlegget. Dagens bruk kan vidareførast. Samla skapar ikkje planendringa hindringar eller barrierar for område som er tilrettelagt og faktisk vert nytta til friluftsliv og rekreasjon. Området er allereie påverka av tiltak, og det er vurdert at ei utviding av næringsarealet sørover langs land vil ha mindre innverknad for båttrafikken.

I strandsona skal ein ta særleg omsyn til natur, kultur, friluftsliv og landskap, samt ålmenne interesser. Skildring av naturmangfald, kultur, friluftsliv og landskap er skildra i eige kapittel. Desse viser at det er avgrensa verdiar i området ut frå dagens situasjon, samt at potensialet er avgrensa. Tiltaksområdet er ein del av eit lengre delstrek med bratt topografi mot sjø, og med areal på eit høgareliggjande nivå der fylkesveg og busetnad er etablert. Næringsarealet høyrer naturleg til i nedre del slik reguleringsplanen er bygd opp og tilgrensande areal i nord er etablert. Den bratte topografien i området gjer at arealet ikkje har ålmenn interesse knytt til opphold og rekreasjon. Det registrerte friluftsområdet er knytt opp til båtfart som i hovudsak er knytt til OnarHamn.

I statlege planretningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning (SPR) sone 3, som Tysnes er del av, er står det m.a. at *behovet for næringsutvikling og arbeidsplasser skal tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet*. Vidare at *Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjørettede reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samles og lokaliseres i tilknytning til annen bebyggelse. Felles brygger og naust bør prioriteres*. Planframlegget er knytt til sjøretta næringsverksemdu. Ut frå planlagt bruk av området er det ikkje mogleg å trekke tiltaka vekk frå sjøen, då ein er avhengig at tett koppling til sjø for ferdsel og anna infrastruktur. Utvida bruk av strandsona til næringsføremål er lokalisert til område som er bygd og detaljregulert i frå før, slik at utbygginga skjer mest mogleg konsentrert. Det er etablert infrastruktur i området m.a. straumkapasitet. Planendringa er knytt til areal utan store strandsoneverdiar og ålmenne interesser. Planframlegget vil medverke til å realisere postsmoltproduksjonen til Alsaker Fjordbruk, som vil gi arbeidsplassar og næringsutvikling, samstundes som ein bidreg til ei produksjonsform som medfører kortare produksjonssyklus med tilhøyrande redusert eksponering for smitte og sjukdom i sjøfasen.

Konklusjon

Planendringa støtter opp under ein del av retningslinjene i statleg planretningslinjer, både kva gjeld lokalisering av nye tiltak innanfor område som alt er utbygd/teke i bruk og omsyn til sysselsetting og næringsutvikling med fokus på maritime tilbod og næringar. Terrenginngrepa er store, skildra i kapittel 7.1 landskap. Strandsoneverdiane knytt til friluftsliv og rekreasjon, samt kulturmiljø og natur er avgrensa. Ut frå desse forholda vurderer ein at verknadane for strandsona er mindre enn om ein tek i bruk heilt urørte område med store strandsoneverdiar.

Konklusjon: Liten negativ (-) konsekvens

7.3 Nærmiljø (inkludert forureining, folkehelse)

Forureining

Det planlagde postsmoltanlegget som skal etablerast i området har fått utsleppsløyve frå Fylkesmannen i 2019. Utsleppa til sjø må mellom anna følgjast opp med årleg rapportering av utsleppsmengder og overvaking av verknaden på resipienten med eit overvakingsprogram. Sjå også kap. 6.3 for ei oversikt over inntaks- og avløpsleidningar til anlegget. Det er sett krav om reinsing av avløpsvatnet, og verksemda skal dokumentere at kravet til reinsing vert halde.

Støy

Planen opnar for større næringsverksemdu som er knytt til løyve til etablering av større postsmoltanlegg. Det er etablerte bustadar i nærområdet nord, vest og sør for næringsområdet. Planen opnar i tillegg for eit nytt bustadhús innanfor planområdet. Det er relativt korte avstandar mellom næringsområdet og bustadar i nærområdet.

Det vil vera fleire støykjelder i eit landanlegg, til dømes pumper, vifter, røyr og ventilar. Støykjeldene vil i stor grad vera innebygd i hallar, noko som medfører til at anlegget ikkje vert vurdert som særleg støyande. Det er likevel viktig å ta omsyn til nærliggjande busetnad, og utgangspunktet vil vera retningslinje T-1442 om støy i planlegging. I samband med

detaljprosjektering av anlegg og val av leverandørar skal det sikrast at konstruksjonane vil gi nok lydisolasjon når det gjeld støy frå produksjonen som skjer inne i hallane. I anleggsfasen vil det vera meir støypåverknad, på grunn av byggjeverksemda. Trafikk frå veg og sjø vil i tillegg medverke til støy frå anlegget. Utslepp av støy frå anlegget er også regulert gjennom vilkår i utsleppsløyvet. Omsyn til støyutslepp skal vere med i utforming av anlegget.

Lukt

Det er gitt løyve til etablering av eit større postsmoltanlegg på området. Luktproblematikk er regulert gjennom utsleppsløyvet gitt av Fylkesmannen i 2019. Lukt frå oppdrettsanlegg kan potensielt kome frå fleire kjelder, der dei viktigaste er lukt frå slam frå produksjonen, lukt frå fiskefor, og lukt frå daudfisk. Slam frå resirkuleringsanlegget vil verte handtert slik utsleppsløyvet set krav om, og vil verte lagra lukka med hyppig bortkøyring til godkjende mottak. Det kan likevel vera sporadiske tilfelle med lukt frå avfall frå produksjonen i anlegget. Det er planlagt at produksjonsavfall vil verte henta regelmessig frå anlegget. Fiskefor vil verta transportert med lastebil eller båt til anlegget. Forleveransane er tilpassa produksjonen på anlegget og det vert ikkje lagra store mengder for på anlegget. Alt foret vert lagra innomhus, i tette hallar eller siloar, noko som gjer at det vil vera minimalt med luktutslepp frå foret.

Visuell påverknad

Bustadeigedom gnr. 153/16 ligg sør for planområdet på kote ca. +28 og om lag 60 meter frå næringsområdet. Bustaden vil ikkje verta særleg visuelt rørt av utbygginga då det framleis vil vera fritt utsyn utover sjøområdet frå denne bustaden. Den nye bustadtomta vil ligge tett opp til denne eigedomen, og det er lagt til grunn at eksisterande avkøyring vert felles for desse to tomtene. Nye næringsbygg på det planerte området vil ikkje ta utsikt frå bygningar i vest, då byggehøgda vil maksimalt vera kote +20-21.

Folkehelse, barn og unge

Planframlegget inneber etablering av eit større sjøtilknytt næringsområde, i eit område som ikkje vert nytta til friluftsliv og rekreasjon i dag. Ein konsekvens av dette er at bustadområda som låg inne i gjeldande plan er planlagt relokalisert til meir sentrumsnære areal, for å få betre samlokalisering med annan busetnad og sentrumsføremål. Planframlegget vil såleis medføra eit klarare skilje mellom nærings-, bustad- og friluftsområde. Det er opna for etablering av pir/molo mellom næringsområda og etablert småbåthamn og badeanlegg nord for planområdet. Dette vil òg vera med på å definera eit klårt skilje mellom dei områda som skal nyttast til næringsføremål og områda nærmere Onarheim sentrum, som vert meir prioritert til bustad, småbåthamn og friluftsliv.

Konklusjon

Planendringa medfører større areal til næringsføremål. Det er gitt løyve til postsmoltproduksjon på deler av arealet i dag. Det er lite busetnad kring næringsføremålet, men dei nærliggjande bustadane i sør kan få ein negativ verknad ved at næringsføremålet er lokalisert nærmare enn dagens plan opnar for. Forholdet til bustadar i vest og nord er uendra. Ut frå desse forholda vurderer ein at verknadane for folkehelse er avgrensa til bustadar sør for planområdet og at verknaden av planframlegget er liten samanlikna med 0-alternativet.

Konklusjon: Liten negativ til ingen (-/0) konsekvens

7.4 Naturmangfold, land og sjø

Naturmangfaldlova vart vedtatt og trådde i kraft 1. juli 2009. Lova set krav til at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak (miljørettslege prinsipp). Dei miljørettslege prinsippa er knytt til kunnskapsgrunnlaget (§ 8), "føre-var-prinsippet" (§ 9), økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10). Det er fokus på at kostnadene ved forringing av miljø skal berast av tiltakshavar (§ 11) og at det skal gjerast bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12). Vurdering av konsekvensar for naturmangfold tek utgangspunkt i dei miljørettslege prinsippa.

Kapittel 4.4 gir ei oversikt over registrerte naturverdiar i planområdet på land og i sjø.

Landområdet

Planendringa har ikkje tilkopling til den nærmeste registrerte naturtypen eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse på land. Grunna avstand til desse vurderer vi at førekommstane ikkje vil verta påverka av planendringa.

Planendringa medfører nedbygging av naturområde tidlegare beståande av skogområde (hogd 2021). Dette vil ha direkte betydning for lokalt naturmangfold som blir fjerna. Areala aust for skogsområdet er regulert til næringsføremål.

Planendringa fører ikkje til splitting av grøntkorridorar mellom ulike naturområde. Friluftsføremålet i sør vil fungere som ein grøntkorridor mot sjø og buffersone mellom utbyggingsområde. Denne vil dels i vareta lokalt naturmangfald.

Sjøområdet


Sjøområdet er sjekka ut med utgangspunkt i tilgjengelege data og registreringar, og er elles kartlagt med straummåling, botnundersøking (fauna og sediment) og resipientgranskning i samband med akvakultursøknaden. Området er elles botnscanna topografisk i samband med prosjekteringsarbeidet. Djupneforholda viser at det vert brådjupt aust for fyllingskanten for det etablerte næringsområdet. Det er på det meste om lag 20 meter djupne der ein skal fylle ut for nytt næringsområde. Den delen av planområdet som ligg nærmast eksisterande næringsområde i nord er i stor grad påverka av utfyllinga som er gjennomført i samband med denne opparbeidinga. Deler av dette arealet består av fyllingsfot og tilførte massar.

Det skal fyllast massar ut i sjø for å gi tilstrekkeleg landareal for næringsverksemda. Dei planlagde massane som skal nyttast til fyllinga skal hentast frå areala på land. Eksisterande utfylling består av lokale massar og det same er tenkt for framtidig utfylling i sjø. Det har ikkje vore avvik med tanke på forureining pga. massane så langt i prosjektet. Det er ikkje å forvente at kystvassførekosten vert permanent påverka pga. tiltaka planendringa omfattar, men midlertidig i samband med anleggssarbeidet er å forvente. Det skal ikkje nyttast massar med plastrestar eller sprengstoff.

Planendringa vil medføre utfylling i sjø i randssona på gytefelt/-område i Elsåkervågen. Gytefelt/-område er eit nøkkelområde der området er funksjonelt som gytefelt berre nokre tider på året, medan andre tider vil inngrep ikkje nødvendigvis påverke gytefeltet. I tilfellet i Elsåkervågen, er gytefelt/-område for arten torsk i perioden februar til april. Gytefelta er vanskeleg å avgrense nøyaktig sidan både fisk, egg og larvar vil bevege seg i vatnet innan ein sesong og variere mellom år. Havforskningsinstituttet (Kartlegging av gytefelt for kysttorsk. ISSN 0071-5638. 2013) viser til at det difor ikkje vil vera gitt at eit inngrep innanfor eit gytefelt vil påverke gytefeltet sin funksjon. Eksisterande fylling i Elsåkervågen tangerer også gytefelt/-området. I samband med gjeldande reguleringsplan uttalte Fiskeridirektoratet at dei ikkje såg grunn for å gå imot reguleringsplanen, men understreka at tiltak i sjøområda som kan påverke fisken sin gytesuksess må vurderast i samband med handsaming av enkelt søknad når det ligg føre nærmare tekniske detaljar om tiltaket. På bakgrunn av dette er det lagt inn tiltak og føresetnadar i gjeldande reguleringsplan. Desse føringane er vidareført i planendringa og forsterka. I samband med eksisterande fylling i sjø har ein unngått fyllingsarbeid i gytetida.

Rådgivende biologer vurderer verknad for gytefelt/gyteområde og tareskog slik:

«*Torsken gyter i frie vannmasser og det er ikke forventet at ytterligere utfyldt areal vil føre til spesielt negative virkninger for gyteområdene. Det er ikke vektlagt at utvidelsesarealet medfører en større reduksjon av Elsåkervågen gyteområde, da dette gyteområdet vurderes å være en del av Vikane gytefelt som er stort og har utstrekning fra indre del av Elsåkervågen til Nordra Espevika i sørøst. Utfyllingen medfører ytterligere tap av habitat i området, men utfyllingsområdet vil over tid vil rekoloniseres med algevegetasjon, samt at fiskeyngel kan bruke tilsvarende urørte områder i omegn til oppvekst, skjulested og næringssøk. Øst for Vikane gytefelt er det blant annet avgrenset et stort beite og oppvekstområde for torsk ved Ånuglo-Midtøya-Seløya. Det er vurdert at tiltaket vil medføre ubetydelig endring og ubetydelig konsekvens for gyteområdene. Sukkertareskog, sør for tiltaksområdet, ligger utenfor selve tiltaksområdet og vil ikke bli påvirket av arealbeslag. Utfylling i sjø kan i anleggsperioden medføre avrenning og spredning av finstoff. Anleggfasen med utfylling i sjø anbefales gjennomført utenfor torsken sin gyte- og yngleperiode, som er i tidsperioden januar-april. Det er ikke ventet negative virkninger for gyteområdet så lenge arbeidet gjennomføres utenom denne perioden. Bruk av siltgardin vil kunne redusere virkninger for nærliggende sukkertareskog».*



Figur 35. Illustrasjon av registrerte gytefelt og planframlegg. Eksisterande kystkontur innanfor næringssområdet er synt med blå linje.

Rådgivende Biologer sin rapport (2018) i tilknyting til konsesjonssøknad omtalar utsleppsforholda slik: «*Mesteparten av utslippen av nitrogen og fosfor er oppløste næringsstoffer som driver med vannmassene og blir fortynnet og transportert bort med tidevannet og strømmen og spres utover i Onarheimsfjorden. Det er sannsynlig at oppholdstiden av disse næringssaltene i sjøområdet utenfor Alsaker Brygge sør er for kort til at dette vil kunne medføre noe eutrofieringseffekt i sjøområdene utenfor Onarheim».* Ein vurderer at planendringa ikkje vil ha negativ verknad for forureining i sjø pga. produksjon med bakgrunn i at det er gitt løyve til utslepp for akvakulturverksemd i området, og planendringa endrar ikkje føresetnadane for dei gitte løyva. Utsleppa frå anlegget vil vera innanfor dei utsleppskrav som er gitt av Statsforvaltaren.

Rådgivende biologer vurderer verknad for observasjonar av sjøorre og brisling slik:

«*Det forekommer rødlistede arter i området, men det er ikke avgrenset viktige funksjonsområder (hekkelokaliteter o.l.), som skulle tilsi at tiltaksområdet har større betydning for disse artene enn øvrige arealer i nærheten».*

Påverknad og konsekvens i anleggsfasen

Mange av dei negative verknadane kan ha same karakter i anleggsfasen som i driftsfasen, og i enkelte tilfelle kan det negative omfanget vere større i anleggsfasen. Det som i hovudsak skil anleggs- og driftsfase er sjølve anleggsarbeidet, som i ein avgrensa periode kan medføre betydeleg forstyrningar i form av auka trafikk, grave- og sprengingsarbeid.

Auka trafikk og støy kan forstyrre fugl og pattedyr, spesielt i hekke- og yngleperioden om våren. Dei fleste artar har relativt høg toleranse for midlertidig auke av støyenivået, men nokre artar er svært følsame for forstyrningar. Utfulling i sjø kan i anleggsperioden medføre avrenning og spreiling av finstoff, og er venta å kunne medføre noko forringing for gyteområde for torsk og sukkertareskog i influensområdet, gjennom nedslamming og reduserte lysforhold. Anleggsperioden vil skje i ein avgrensa periode, men vil kunne medføre negativ konsekvens for gyteområda og nærliggjande sukkertareskog i denne perioden.

Som avbøtande tiltak har ein sett krav til at utfylling i sjø skal gjennomførast mest mogleg samanhengande og utanfor torsken sin gyte- og yngleperiode. Bruk av siltgardin vil kunne redusere verknader for nærliggjande sukkertareskog.

Konklusjon

Planendringa vil ha små negative konsekvensar for naturmangfald med utgangspunkt i at store deler av planframleggget omfattar ei endring av utbyggingsføremål, bustad til næring. Samstundes er det opna for større fylling i sjøområde enn det dagens plan opnar for. Det er ikkje registrert observasjonar eller område med særlig verdifull naturmangfald i influensområdet, utover gytefelt og sukkertare der ein vil gjennomføre avbøtande tiltak i samband med anleggsperioden (tidsperiode og siltgardin). Områda består truleg av kvardagsnatur, der lokale biotopar vil bli fjerna eller endra, noko som vil ha negativ verknad for tema naturmangfald. Det skal nyttast reine massar til fyllinga i sjø.

Konklusjon: Liten negativ til negativ (-/-) konsekvens

7.4.1 Vurdering av naturmangfaldslova §§ 8-12 og samla belastning

Naturmangfaldslova set krav til at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak (miljørettslege prinsipp). Dei miljørettslege prinsippa er knytt til kunnskapsgrunnlaget (§ 8), "føre-var-prinsippet" (§ 9), økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10). Det er fokus på at kostnadene ved forringing av miljø skal berast av tiltakshavar (§ 11) og at det skal gjerast bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12). Vurdering av konsekvensar for naturmangfald tek utgangspunkt i dei miljørettslege prinsippa.

Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, jf. kapitel 4.4. På bakgrunn av eksisterande kjent kunnskap, og risiko for skade av tiltaka, er det ikkje gjennomført nye undersøkingar av naturmangfaldet i samband med planarbeidet, jf. nml. § 8. Følgeleg får ikkje føre-var-prinsippet anvending, jf. nml. § 9. Vidare er det lite usikkerheit kring planane for plassering av nye tiltak, NML § 8 og 9. På bakgrunn av eksisterande kunnskap og risiko for skade, vert det lagt mindre vekt på nml. §§ 11 og 12.

Ein påverknad på eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastinga som økosystemet er, eller vil bli, utsett for, jf. § 10 i naturmangfaldslova. Eksisterande undersøkingar knytt til konsesjonssaka, og at det er gitt løyve til akvakulturverksemd i området, viser at offentleg mynde meiner at tiltaka knytt til akvakulturdrift i området ikkje overstig bereevelna til recipient eller naturmangfald i influensområdet. Det er drive anleggsarbeid på Onarheim over lengre tid - tiltak knytt til reinsefiskanlegg, kontorbygg, småbåthamn, samt sprenging og utfylling innanfor planområdet.


Kontorbygget nord for planarbeidet er under oppføring no. I planforslag til Elsåkervågen er det også opna for tiltak i terren og i sjø. Det er ikke planlagt produksjon av fisk her slik at auka organisk belastning på fjorden er ikke aktuelt her. Det er i begge planane lagt avbøtande tiltak for å avgrense verknad av anleggsarbeid for naturmiljø. Påverknad som m.a. utslepp og samla organisk belastning frå matfisk-produksjon på Nedrevåge vert vurdert i samband med konsesjonssøknad som er under handsaming no. Det er om lag 4,5 km frå planområdet til Nedrevåge.

Samla vil alle tiltaka på Onarheim ha ein innverknad på lokalt naturmangfold, og såleis auke belastninga på økosystemet. I hovudsak er belastninga knytt til anleggsarbeida og i mindre grad når tiltaka er ferdigstilt. I driftsfasen av postsmoltanlegget vert utslepp frå anlegget regulert gjennom konsesjon og utsleppsløyvet e.l.. Rådgivende biologer vurderer samla verknad slik: *Byggeområdet ved Alsaker Brygge Sør har gradvis blitt utvidet og de enkeltvise tiltakene har blitt vurdert å medføre ingen eller små negative virkninger for naturmangfold. Utvidelsesområdet er en forlengelse av et betydelig større tiltak som allerede er utført, hvor det er store arealbeslag i sjø, men også en del på land. Utvidelsesområdet er en ytterligere belastning på økosystemet i området.*

Planendringa er grunna behov for areal til postsmoltproduksjonen som er omsøkt og gitt løyve til. Verknadane av planendringa er hovudsakleg knytt til arealbeslag og terrenngrep på land og fylling i sjø. Samla tiltak i reguleringsplan og tidlegare dispensasjoner er større inngrep. Samstundes er dei nordlege areala i planen allereie teke i bruk, og det er planlagt å vidareføre inngrepet sørover med ein massebalanse mellom sprenging og utfylling i sjø. Det skal nyttast reine, lokale massar til fyllinga i sjø, og det er utført eiga akvatisk miljøvurdering. Etter ei samla vurdering vurderer ein at planendringa ikkje vil vere i konflikt med føresegne i naturmangfaldlova § 8-12.

7.5 Kulturminne/kulturmiljø

Kulturmiljøet kring Onarheim kyrkje har regional og nasjonal verdi , og nye tiltak på kyrkjesteden Onarheim vil ha ein verknad på opplevingsverdiane til kulturmiljøet som heilskap. Avstanden frå kyrkja til planområdet er om lag 250 meter i luftlinje, og ca. 300 meter til næringsføremålet. På grunn av topografi og eksisterande busetnad er næringsføremåla innanfor planområdet ikkje synleg frå området kring kyrkja. Tilrettelegging for næring i planområdet er vidareføring av eksisterande næringsverksemد i området. Utvida næringsføremål er sørover, og i retning frå kyrkja. Det er allereie næringsetableringar i og kring Onarheim sentrum, og fleire av desse ligg tettare på kyrkjesteden enn planframlegget. Det er vurdert at planframlegget ikkje vil ha negativ påverknad på kulturmiljøet kring kyrkjesteden på Onarheim.



Figur 36. Bilde sett frå nordaustleg del av næringsområdet i retning kyrkja og Onarheim. Det er ikkje direkte utsikt til kyrkja.

Kulturminnet vest for fylkesvegen ligg på eit høgare nivå i terrenget (ca. kote +43) og har ikkje direkte tilknyting til planområdet eller næringsføremålet som ligg på sjønivå. Vi vurderer difor at planendringa ikkje vil ha konsekvensar for kulturminnet.

Planendringa medfører at sefrak-registrert bustadhús og steingard kan rivast, medan sefrak-registrert naust kan vidareførast og at det kan fortsettast med tre nye naust sør/vest for det. Planendringa fører til at det vert etablert næringsverksemde tettare på naustområdet. Samla verknad er likevel avgrensa då bygget har nyare tids preg, manglar tidstypiske trekk og ikkje inngår i noko heilskapleg miljø.

Konklusjon

Planendringa vil ha små negative konsekvensar for tema kulturminne/kulturmiljø med utgangspunkt i at store deler av planframlegget omfattar ei endring av utbyggingsføremål, bustad til næring. Avstandar og at det ikkje er direkte sikt mellom Onarheim kyrkje og freda kulturminne til næringsområdet gir at desse ikkje vert påverka av planframlegget. Fjerning av sefrakbygg ved fylkesvegen er noko negativt, men sidan bygga ikkje er tidstypisk og ikkje er del av større bygnings-/kulturmiljø er verknaden avgrensa.

Konklusjon: Ingen til liten negativ (0/-) konsekvens

7.6 Kystsone: Fiskeri og ferdsel på sjø

Store delar av endringa i planframlegget er knytt til utfylling i sjø. Det er gjennomført undersøkingar av sjøbotnen og sjømiljø/fauna. Med dette som grunnlag har ein sett at det vil vera mest effektivt med ei vidare utfylling av arealet i sør. Alternativet er utfylling vidare ut i sjøen, men her treng ein mykje meir massar sidan djupnetihøva er annleis. Planendringa skjer i forlenginga av allereie godkjent næringsareal med planering på landsida og utfylling i sjø.

Transport av fisk produsert på anlegget vil skje sjøvegen. Talet på anløp vil variere gjennom året, og dette vil variere med produksjonen på anlegget. Det er forventa at det vil koma ulike typar båtar til anlegget: Fôrbåtar, brønnbåtar og mindre lastebåtar. Det er opna for kai langs heile næringsområdet og at næringsføremålet er topp fylling eller kaikant. Fyllingsfot vil ligge i tilgrensande areal. Det er planlagt pelekai og flyteelement nord i området for å skjerme hamneområdet, samt skape tydeleg skilje mellom næringsaktivitet og aktivitet knytt til båthamna OnarHamn.

Utvila næringsføremål i sjø vil ikkje vera til hinder eller barriere for sjøvertsferdsel, då området ligg i tilknyting til allereie utfylt område i sjø, og utvidinga er langs land og ikkje langt ut i sjø. Fyllingsfoten vert liggjande på slike djup at dei ikkje er til hinder for ferdsel på sjøen. I planframlegget er det opna for lengre kai enn dagens plan opnar for. For å sikre passasje, manøvreringsareal og hindre uheldige hendingar, set føresegndene krav om at båtar knytt til næringsområdet skal plasserast på ein måte som gjer at dei ikkje hindrar ålmenta fri ferdsel i trafikkområde mellom kai og austsida av Elsåkervågen eller til OnarHamn i nord. Etablering av postsoltanlegg vil likevel medføre meir trafikk av større båtar i området, og det er eit potensiale for konfliktar mellom næringsrelatert båttrafikk og småbåttrafikk kring småbåthamna i sjøområda utanfor planområdet.

Det er ikkje registrert fiskeriinteresser innanfor planområdet, men det er ein låssettingsplass inst i Elsåkervågen. Utfylt område vil redusere innløpet til Elsåkervågen med om lag 50 meter. Det er framleis god plass for manøvrering og tilkomst til Elsåkervågen. Innløpet vil på det minste etter at planframlegget er realisert vera over 250 meter. Ein har likevel valt å regulere i føresegndatiltak og dagleg drift innanfor planområdet ikkje må vera til hinder for eksisterande låssettingsplass i Elsåkervågen. Det er over 450 meter frå planområdet til registrert fiskeplass i Onarheimsfjorden. Samla sett vil utvidinga av næringsområdet ikkje vera til hinder for nærliggande registreringar; fiskeplass for aktive reiskap i Onarheimsfjorden eller låssettingsplass i Elsåkervågen.

Konklusjon

Planendringa vil ha ingen verknad for fiskeriinteresser, og liten verknad for ferdsel på sjø. Dette med utgangspunkt i at endringane i sjø er avgrensa, ingen fiskeri- eller farleiinteresser vert direkte påverka og det er i føresegndene sett krav som er avbøtande for ferdsel på sjø (plassering av båtar ved kai og ålmenn fri ferdsel).

Konklusjon: Ingen (0) til liten (-) konsekvens

7.7 Samferdsel og teknisk infrastruktur

Tilkomst til næringsområdet er via eksisterande avkjøring til Alsaker Fjordbruk, fra eksisterende og godkjent kryss-løysing til fylkesvegen nord for planområdet. Det er ikkje kjent at det har vore ulykker i krysset. Krysset og tilkomstvegen vert allereie nytta til både personbiltransport og varetransport, til næringsområda nord for planområdet. Vidare vil trafikken til planområdet gå gjennom eksisterande næringsareal, som er tilknytt Alsaker Fjordbruk. I driftstida vil trafikken til planområdet omfatta dagleg personbiltransport av tilsette, i tillegg til varetransport med tungtransport om lag 7-10 gonger per veke. Mykje av varetransporten til planområdet vil òg skje sjøvegen. Personbiltransporten på området er knytt til arbeidsplassar på anlegget, og vil vera størst om morgonen og ettermiddagen. Etablering av postsmoltanlegget vil medføre auka trafikk på vegen forbi næringsområdet samanlikna med dagens situasjon både i anleggs- og driftsfasen. Auken i trafikk sett i forhold til eksisterande plan er noko avgrensa. Anleggsfasen vil verta lengre sidan planen opnar for meir grunnarbeid før anlegget er klar for produksjon, men det vil ikkje nødvendigvis medføre meir trafikk. Tal tilsette er truleg noko høgare enn det eksisterande plan har lagt til grunn, men auken er avgrensa. Ein vurderer sett i lys av eksisterande reguleringsplan at planframlegget opnar ikkje for så stor auke i trafikk eller anna type køyretøy at ein vurderer at det er behov for å gjera endringar på fylkesvegen, i krysset til fylkesvegen eller på tilkomstvegen internt på næringsområda.

I anleggsperioden som har vore og det planen opnar for, vil det vera stor trafikk med anleggsmaskinar og store køyretøy. Det er etablert ein midlertidig anleggsveg lenger sør, på sørsida av eksisterande bustadhus på BFS1. Denne anleggsvegen går direkte frå fylkesvegen ned på næringsområdet. Anleggsvegen vil kunne nyttast i ein del av anleggsperioden, for å avlasta tilkomstvegen SV1, som går gjennom næringsområdet og passerer forbi eksisterande bustadhus på BFS1.

Internt i planområdet skal det etablerast interne vegar, manøvreringsareal og parkeringsplassar. Dette vert etablert innanfor næringsføremålet i planen. Situasjonsplanen i Figur 24 viser at den interne køyrevegen ligg på sjøsida av bygga, og at det vert etablert snuplass for større køyretøy og parkeringsplassar på sørsida av planlagde bygg. Dette gir ei god intern løysing på området og er arealeffektivt med sambruk mellom køyreveg og bakland til kaien. Dei interne vefsambanda vil ha høg standard og vil ivareta framkome for naudetatar til området. I reguleringsplanen for Elsåkervågen er det opna for å kunne etablere køyreveg fram til plangrensa for Alsaker Brygge Sør. På sikt vil det kunne vera aktuelt å regulere for vegtilkomst slik at næringsområda på Onarheim og i Elsåkervågen vert knyta saman med ein internt næringsveg. Det er opna for slik tilkomst, slik det også er gjort i Elsåkervågen, innanfor friluftsføremålet. Tanken bak dette er å unngå unødvendig næringstrafikk på fylkesvegen.

I eksisterande reguleringsplan er det regulert for 30 nye bustadeiningar, og regulert fortau frå bustadområda i retning Onarheim. I planforslaget har ein teke ut all ny bustadføremål, men unntak av ei bustadtomt lengst sør. Grunnlaget og behovet for fortausløysing og rekkefølgjekrav til denne er avgrensa i forhold til eksisterande plan. Ein har likevel valt å oppretthalde føremål til fortau i planforslaget, noko som gir grunnlag for å etablere løysingar som aukar trafikktryggleiken for gåande innanfor planområdet. Men rekkefølgjekravet er teke ut.

Tilhøve knytt til inntaksvatn (ferskvatn og sjøvatn) samt avløp for produksjonen på anlegget er avklart i godkjent akvakulturløye. Eventuelle konfliktar mellom leidningstrasear og andre interesser er også avklart i samband med konsesjonsprosessen. Det er privat vassforsyning og avløpsløysing i området som vil dekke den sanitære delen av anlegget. Eksisterande renovasjonsløysingar som nærliggande kontor og reinsefiskanlegg har i dag nord for området kan nyttast for postsmoltanlegget. Slamhandtering vil skje i tråd med tildelt konsesjon for anlegget.

Den planlagde bruken av området vil vera energikrevjande. Tiltakshavar har hatt og har tett dialog med kraftleverandør for realisering av postsmoltanlegget. Næringsområdet ligg ved sjø, og sjølv om det vert etablert tette flater på området vil overvatnet enkelt kunna leiast ut i sjøen.

Konklusjon

Planframlegget vil medføre noko auka trafikk på fylkes- og tilkomstvegen, noko som vil medføre liten negativ verknad når det gjeld trafikktihøve og trafikktryggleik i området. Tilhøve knytt til vassinntak, avløp, renovasjon, energibruk og overvatn er ivaretakne og løyst på ein måte som ikkje medfører kjende negative verknader.

Konklusjon: Ingen til liten negativ (0/-) konsekvens

7.8 Samfunnsverknad: Næring, Sysselsetting, verdiskaping etc.

Stortingsmelding 16 (2014-2015) om Forutsigbar og miljømessig berekraftig vekst i norsk lakse- og aureoppdrett, gir at den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre dei langsiktige arealbehova i fiskeri- og havbruksnæringane, at ein må optimalisere bruken av allereie tildelt areal, og at ein må legge vekt på miljøomsyn.

Det er nasjonale ambisjonar om vekst i havbruksnæringa. Veksten skal vera berekraftig, og eit av svara frå akvakulturnæringa er å ta i bruk postsmoltproduksjon på land. Det er semje om at bruk av postsmolt, dvs. at fisken har kortare opphaldstid i matfiskanlegga i sjø, har ein positiv miljøeffekt mellom anna når det gjeld utfordringar knytt til lakselus. Dette vil også ha ein næringsmessig positiv konsekvens med betre lønnsemrd. Oppdrettsnæringa har miljøutfordringar i Hardangerfjorden slik situasjonen er i dag, men dette er tilhøve som denne reguleringsplansaka verken kan løyse eller vil påverke i særskilt stor grad.

Det er viktig for Alsaker Fjordbruk å få avklart rammene for utvikling innanfor planområdet, då det er viktig med langsiktige og varige løysningar for å investera i området. Eksisterande reguleringsplan gir ikkje grunnlag for å kunne utnytte produksjonsløyvet som er gitt.

Det er estimert 30-40 tilsette knytt til næringsverksemda. Dette vil vera blanding av eksisterande tilsette hos tiltaks-havar, men i stor grad ny tilsette. Dette gir grunnlag for busetnad i nærområdet/regionen. I tillegg vil etableringa føre med seg ringverknadar for leverandørar og andre bransjar som postsmoltanlegget vil ha bruk for. Sett i lys av eksisterande reguleringsplan endrar planframlegget i liten grad desse forholda, men planframlegget gir grunnlag for etableringa og er ein føresetnad for anlegget si storleik i tråd med godkjent produksjonsløyve.

Planområdet og planlagt postsmoltanlegg er lokalisert i Alsaker Fjordbruk sitt kjerneområde, med kort avstand frå settefiskanlegg og sjøanlegg. Dette er positivt med omsyn til ressursbruk og samhandling mellom konsernet sine aktivitetar. Grunna den viktige rolla som oppdrettsnæringa spelar i regionen har ein i regional Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger klassifisert alle landbaserte akvakulturlokalitetar i strandsona i kategorien «regionalt viktige næringsområde».

Konklusjon

Planendringa vil ha positiv verknad for næringsliv, sysselsetting og verdiskaping lokalt og regionalt. Bakgrunnen for planendringa er å regulere areal for å kunne realisere postsmoltproduksjon som er løyvd på området og utan planendringa er det ikkje tilstrekkeleg areal for å utnytte løyet.

Konklusjon: Positiv (++) konsekvens

8 Verknader av planframlegget

8.1 Overordna vurdering av arealendringar i området

Planområdet grensar til planane Alsaker Brygge vedteken (1998) i nord og i sør til planforslag i Elsåkervågen. Heile området frå inst i vågen til og med nordsida av elva vil såleis vera omfatta av reguleringsplanar, sjå Figur 37. I planframlegget for Elsåkervågen er næringsføremålet flytta nordover, mens dei sørlege delane av næringsføremålet i gjeldande plan er føreslått regulert til landbruksføremål. Det er gitt opning for veggtilkomst fram til planområdet til Alsaker Brygge Sør. Planen for Elsåkervågen legg til rette for vidare utbygging av sjønære næringsareal, mellom anna på bakgrunn av behov for meir kaiplass i Elsåkervågen, for å kunne ta i mot fleire og større oppdrettsbåtar som treng vedlikehald.



Figur 37 Framlegg til plankart for Elsåkervågen (til venstre), framlegg til plankart for Alsaker brygge Sør (til høgre).

Med realisering av desse to reguleringsplanane har ein høve til å kunne knyte saman Onarheim og Elsåkervågen med ei samanhengande utbygging. Nærings-/industriaktiviteten kan såleis knytast saman og konsentrerast i dette området, mens ein søker å ha fokus på bustadområde nærmere Onarheim sentrum. Opphaveleg var det lagt opp til eit samanhengande bustadområde som omfatta begge planane. Dette bustadområdet er tatt ut både i planframlegget for Elsåkervågen og i planframlegget for Alsaker Brygge Sør. Dette plangrepet gjer at det er mogleg å realisere større næringsareal for sjøtilknytt næring i dette området. Bustadområde kan såleis konsentrerast tettare på Onarheim sentrum, nærmere sentrumsfunksjonar, og med gangavstand frå bustadområde til skule, barnehage og butikk. Det føreligg òg planar om bygdpark og tilrettelagt badeplass som vil styrke bukvaliteten i Onarheimsbygda og sikre tilgjengeleg strandsone for ålmenta. Sett i lys av Statlege planretningslinjer om bustad-, areal- og transport-planlegging ser ein det som føremålstenleg å dreie bustadføremåla bort frå Alsaker Brygge Sør, og i retning av Onarheim sentrum. Dette gjev betre samlokalisering til butikk, skule, barnehage og andre sentrumsfunksjonar enn dei areala som no vert søkt omdisponert til næring. Dette bidreg til ei betre sentrumsdanning, og tilrettelegg for gangavstand mellom bustadar og sentrumsføremål.

Samla vil eksisterande og framtidige tiltak i området frå Onarheim til Elsåkervågen medføre meir trafikk på sjøen enn dagens situasjon. I dag er fritidstrafikken i hovudsak avgrensa til småbåthamna Onarhamn, og næringstrafikken knytt til areala nord for Onarhamn og til areala i Elsåkervågen. Planframlegga for Alsaker Brygge Sør og i Elsåkervågen vil medføre auka trafikk. Verknaden av alle tiltaka i området gir eit noko meir komplisert trafikkbilde, men sjøområdet er

relativt oversiktleg og det er et god djupne og manøvreringsareal i området. Innløpet til Elsåkervågen vil på det minste vera over 250 meter etter at planframlegget i Alsaker Brygge Sør er realisert. Det er god avstand mellom næringskaiane i Alsaker Brygge Sør og i Elsåkervågen, og desse vil ikkje vera i konflikt med kvarandre.

Eksisterande næringsverksemder og andre større tiltak som Onarhamn pregar delstrekket frå Onarheimselva til Elsåkervågen. Alle desse tiltaka ligg ved sjøen og det er storskala landskap og høgder bak areala. Områda er relativt skjerma frå busetnad i nærområda. Det er frå sjøsida at areala er eksponerte. Samla vil eksisterande tiltak og planforslaga gjera at områda får noko større preg av næringsaktivitet. Alsaker Fjordbruk har samla mykje av sin aktivitet i nærområdet til hovudkontoret som har ei lokal forankring. Ein vurderer at det er betre å samle aktivitetar til område med eksisterande aktivitet og tiltak, heller enn å ta i bruk nye areal.



Figur 38. Bilde sett frå Elsåkervågen i retning Onarheim og planområdet Alsaker Brygge Sør.

8.2 Naturressursar

Det er ikkje registrert dyrka mark, grus- eller pukkførekomstar i planområdet. Planframlegget legg til rette for landbasert postsmoltanlegg. I samband med løyve gitt til etablering og drifta av anlegget er bruk av ferskvatn og sjøvatn regulert, i tillegg til utslepp til sjø.

8.3 Eigedomsinngrep

Bustadeigedomen gnr. 153/4 nord i planområdet er vidareført som i dagens reguleringsplan. Den einaste endringa i området er etablert køyreveg, som avvik noko frå gjeldande reguleringsplan. Dette er i tidlegare prosessar opplyst om og eigar har akseptert dette.

Bustadeigedom gnr. 153/1 (Alsaker) ved fylkesvegen vil bli fjerna. Det er lagt opp til ei ny bustadtomt lengst sør i planområdet, og denne vil fungere som erstatningsbustad for riven bustad. Ein oppnår med dette også betra samlokalisering, felles avkjørsle med eksisterande bustad umiddelbart sør av planområdet.

8.4 ROS, planframlegget

Landbasert oppdrett er omfatta av fleire sektorlovverk som set krav både i søknad om drift og driftsfasen. Det er krav om dokumentasjon i samband med søknader og det vert sett krav i løyve for lokaliteten. Det er også krav om rutinar, planar, analysar og sertifisering, samt eit etablert kontroll- og tilsynsregime som ser til at desse forholda vert følgjt. Hendingar som vil vera naturleg å omtale i ROS-analysar etter PBL er i mange tilhøve teke i vare gjennom sektorlover, samt rapportering, kontroll og tilsyn. I ROS-analysen føresett ein at regelverka og desse mekanismane tek i vare at drifta på lokalitetane er akseptable og innanfor regelverket.

I denne ROS-analysen vert verknader av framtidig endra arealbruk på omgjevnaden, og eksisterande verksemder eller naturgitte tilhøve som har påverknad på planen sine nye tiltak bli vurdert. Gjeldande arealbruk har akseptabel risiko, jf. kap. 4.15 og godkjent reguleringsplan for Alsaker brygge sør (2017). Analysen og identifisering av moglege uønska hendingar i samband med planendringa er gjennomført ved at ein samanliknar gjeldande reguleringsplan og endringane i planen. Ein har avgrensa analysen til å sjå på verknad på og av tiltaka planendringa medfører. I tillegg til dette er akvakulturspesifikke hendingar vurdert.

Ein vel å legge følgjande føresetnadar til grunn for risiko- og sårbarheitsanalysen:

- Analysen er avgrensa til arealet innanfor plangrensa og influensområde.

- Analysen føreset at kommunal beredskap er ivareteke, og at turvande utstyr, kompetanse og ressursar er tilstade.
- Analysen omfattar ikkje tilskita (overlagte) handlingar slik som hærverk og sabotasje.
- Analysen føresett at gjeldande lovverk og krav vert stetta i prosjektering, planlegging og etablering av akvakulturanlegga og komponentane på anlegget.
- Lokaliteten skal ha beredskapsplan, risikoanalysar, helse- og velferdsplan og IK-system.
- Internkontroll med kvalitetssikringssystem der ein m.a. skal kartlegge farar og problem og på bakgrunn av det vurdere risiko og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda. Vidare, å iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge. Tilsyn/kontroll vert gjennomført av ansvarleg mynde på området. Drifta føl gjeldande lovverk der det m.a. er sett krav til rutinar og handtering av leveranse og transport av levande fisk.
- Verksemda skal følgja gjeldande krav til miljøpåverknad som støy, lys og lukt gitt i utsleppsløyve, og gjennomføre jamnlege miljøundersøkingar i tråd med gjevne krav.

Uønska hending	Vurdering endring av forhold på bakgrunn av planendring Tiltak / Kommentarar
Masseskred/ steinsprang	<p>Forhold til skredfaren i området er avklara i gjeldande reguleringsplan. Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga.</p> <p>I notat frå EADU AS finn ein følgjande konklusjon: <i>For steinsprang er det vurdert som en lokal risiko langs planområde der det er brattere enn 45 grader (mot Fv78 og langs sjølinjen), vist i helningskart som blå områder. Langs Fv78 er det utført sikring. Det bør gjøres vurderinger i sammenheng med byggesak og sikres der det er behov. Vurdering og sikring må da utføres etter TEK17 og SAK10 og anbefalt utført av sentralgodkjent foretak.</i></p>
Snø- / is- sørpeskred	<p>Forhold til skredfaren i området er avklara i gjeldande reguleringsplan. Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga.</p> <p>I notat frå EADU AS finn ein følgjande konklusjon: <i>Det er flere grunner til at snøskred ikke er aktuell risiko for planområdet (planID 4616_2004-01):</i></p> <p>(1) Svært begrensede arealer som er aktuelle som løsneområder og det er dermed små mengder snø som kan løsne ut. Dette vil igjen påvirke løpet til eventuelle snøskred som vil bli svært korte og som ikke ut fra kart kan nå planområdet</p> <p>(2) Små høydeforskeller og veksling mellom bratte parti og flate parti fører til lokale hyppige utrasinger (dersom det kommer betydelige mengder med snø) og svært korte utløpsdistanser</p> <p>(3) Ujevnt terrellng</p> <p>(4) Både aktuelle løsneområder og utløpsområder er skogkledde</p> <p><i>Det konkluderes derfor med at det ikke er risiko for snøskred innenfor planområdet (planID 4616_2004-01). Kombinasjon av ulike faktorer gjør at det kan konkluderes med at det ikke er behov for ytterligere utredninger av fare for snøskred når det gjelder planområdet. Det er i hovedsak terremorfologi som er viktig i konklusjon.</i></p>
Flaum- / jordskred	Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga. Planendringa vidarefører moglegheit for bygging av naust/sjøhus i dette området.
Elveflaum Flaum i vassdrag og innsjø	Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga.
Springflo/ Stormflo	Havnivået er stadig i endring og klimaendringane er venta å føre til at havnivået vil fortsetta å stige. Det er difor naudsint å ta omsyn til framtidig havnivåendring og stormflo i arealplanlegging. Føresegne krev planeringshøgd på næringsområdet mellom kote + 2-3. Tiltak i sikkerheitsklasse2, ref. TEK17, må sikrast etablerst min. 188cm over normalnull 2000 med klimapåslag.
Setningar i grunnen Utgildingar i grunnen	Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga.
Vindutsett	Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga.
Hamn, kaianlegg	Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga. Det er ikkje forventa vesentleg fleire anløp til kaianlegget pga. planendringa.
Støv og støy: nærting/industri	Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga. Føringar for omsyn til gytefelt er vidareført og leggast til grunn for nye tiltak.

Støv og støy: trafikk	Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga. Det er ikkje forventa vesentleg auke i trafikk til/frå området av planendringa.
Forureina grunn	Det skal nyttast lokale og reine massar til fylling i sjø. Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga.
Permanent forureining	Anlegget har fått utsleppsløye, og verksemda skal følgje gjevne krav og vilkår i høve til drift og miljøovervaking. Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga.
Fare for akutt forureining	Det er gitt løyve til utslepp frå postsmoltproduksjonen, og utarbeidd beredskapsplan, risikovurdering, varslings-plan og IK-system. Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga.
Forureining i sjø	Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga. Verksemda følgjer gjeldande krav til bruk av kjemikal, og har risikovurdering og IK-system tilpassa dette.
Ulukke i av/påkøyringar	Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga. Det er ikkje forventa vesentleg auke i trafikk til/frå området. Regulert areal til fortau langs fylkesvegen er vidareført i ny plan.
Ulukke med gåande/syklande	Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for hendinga. Det er ikkje forventa vesentleg auke i trafikk til/frå området. Regulert areal til fortau langs fylkesvegen er vidareført i ny plan.
Ulukke knytt til høgdeforskellar	Planendringa medfører at det vert større høgdeforskjeil mellom regulert fortau langs fylkesvegen og næringsområdet. Det skal etablerast rekkverk i området, for å hindre fallulukker.
Ulukker på sjø	Eit postsmoltanlegg vil medføre auka båttrafikk til området. Dette vil gjelde både brønnbåtar som skal levere og/eller hente fisk, samt levering av diverse varer til anlegget, og eventuelt henting/frakt av avfall frå anlegget. Det er opna for etablering av pir/molo som ei skjerming mellom småbåthamna nord for planområdet og næringsområdet. Denne vil òg verke som eit skilje mellom småbåttrafikken i nord og båttrafikk knytt til næringsområdet.
Beredskap	Planendringa endrar ikkje sannsyn eller risiko for at tilgjengeleg beredskap ikkje er tilstrekkeleg.
Kraftforsyning	Det er ikkje planlagt for samfunnsviktige funksjonar med akutt trong for straum innanfor planområdet. Med omsyn til næringsområdet sett Akvakulturlova krav til naudaggregat.
Vassforsyning	Det er ikkje planlagt for samfunnsviktige funksjonar med akutt trong for vatn innanfor planområdet. For næringsområdet sett Akvakulturlova krav til naudinntak for vatn (for produksjon).
Spesifikt for postsmolt produksjonen som er planlagt	<p>Sjukdomssmitte frå eksterne forhold har konsekvens for fiskehelse internt i anlegget, og vidare behov for tiltak avhengig av type sjukdom (behandling eller utslakting). Verksemda har utarbeidde planar, risikovurderingar og rutinar for smittebegrensing, smittesoner, sjukdomsbekjemping og trygging av fiskevelferd.</p> <p>Rådgivende Biologer sin rapport (2018) i tilknyting til konsjonssøknad omtalar smitteforholda slik:</p> <p><i>«Avstanden mellom det planlagte utslippet og nærmeste matfiskanlegg for laksefisk er bare 0,2 km til Onarheim Bruk AS, og 2,6 km til matfiskanlegget på Onarøy som er på 3900 tonn MTB. Alle anlegg innenfor en avstand på 10 km er Alsaker sine anlegg, der en har etablerte systemer og rutiner for smittehygiene, sykdomskontroll, beredskap og miljøkartlegging. Dette bidrar til driftsmessig stabilitet i området mellom sjø- og landanlegg, ilag med økte muligheter for koordinering av forvaltningsmessige og driftsmessige hensyn. Anlegget skal etableres og driftes i samsvar med krav og vilkår satt av Mattilsynet».</i></p> <p>I konsjonssøknad om produksjon på området vil desse forholda verta vurdert av fagmynde.</p> <p>I tillegg til HMS/SHA-plan, rutinar og varslingar. Mattilsynet fører kontroll med drifta av brønnbåtar.</p> <p>Anlegget er planlagt å hente ferskvatn gjennom et eige inntak kopla på Onarheim Bruk AS sitt vassinntak i Onarheimselva på 14 moh. Det er ikkje oppgang av anadrom fisk til</p>

	vasskjelda pga. naturlege vandringshindre. Anlegget er planlagt slik at kvart kar utgjer si eige smittemessige eining. Sjøvassinnntaket vil vera rundt 80 meter djupne i Onarheimsfjorden. Dette kan nyttast til både kjøling og oppvarming av ferskvatnet og i produksjonen. Alt vatn nyitta i produksjonen skal UV-handsamast.
Vasskvalitet Fiskehelse	Tiltak utanfor planområdet som gjer sjøvatnet eller ferskvatnet forureina eller skittent vil kunne ha verknad for fiskehelse på anlegget. Ein er ikkje kjent med at det er eksisterande kjelder i nærområdet som vil ha verknad for planområdet, og anlegget er planlagt med reinsesystem og UV-filtrering. Det vil verta teke jamlege vassprøvar av så vel ferskvatn som sjøvatn, og anlegget vil ha full overvaking av vassmiljøparameter og vasskjemi.
Rømming frå produksjon	<p>Rømming av fisk kan ha årsak i ulike hendingar og senario, som t.d. produksjonssikt, uhell i produksjonen eller ved levering av fisk. Verksemda pliktar å ivareta risikoien gjennom tekniske krav til anlegget, risikovurderingar, beredskapsplanar og varslingsplan. Fiskeridirektoratet held statistikk over innmeldte hendingar. Rømming har konsekvens for ytre miljø (genetisk påverknad), samt økonomisk konsekvens for selskapet som mister fisk.</p> <p>Det er gitt løyve til produksjon på området, og løyve, lovverk og forskrifter tek i vare rømmingsrisikoien. Saman med verksemda sin beredskap og internkontrollarbeid, regional beredskap og statleg tilsyn, har oppdrettar plikt til å førebrygge og avgrense rømming. Anlegget vert ført opp i tråd med gjeldande krav etter NS9416 som gjev krav til teknisk standard og rømmingssikring av landbaserte anlegg.</p> <p>I søknad om løyve til produksjon finn ein følgjande informasjon: <i>Det vil, i tråd med gjeldende forskrifter, bli etablert en dobbel sikring med hensyn på rømming av fisk fra anlegget....I et resirkuleringsanlegg er det ingen direkte kontakt mellom kar og sjø. ... i slike anlegg er det rist i hvert kar, men her går avløpet fra karene først gjennom et mekanisk trommelfilter før vannet behandles videre og tilslutt resirkuleres tilbake til karene igjen. Sikkerhet for rømming er således ivaretatt. Lokaliteten vil bli anlagt med fysiske rømmingsbarrierer (ringmur) for å kunne håndtere eventuelle hendelser, slik som ev. havari av større kar. Anlegget bygges i henhold til NS 9416 og med best tilgjengelig teknologi og planløsninger, og er således meget rømningsikkert.</i></p> <p>I utsleppsløyvet til anlegget frå Fylkesmannen står det at anlegget vil vere godt sikra mot rømming og skal vere utan lakselus. Mogleg påverknad på vill laksefisk blir vurdert til å vere liten.</p>
Lakselus Verknad av verksemda	<p>Lakselus har konsekvens for ytre miljø (dødelegheit) i sjøanlegg, medan omsøkte anlegg er landbasert. Tal lakselus og smittefareni til ei kvar tid er ein funksjon av kor stor grad det enkelte anlegget i fjordsystemet har kontroll på lusa i anlegga sine. Produksjon av postsmolt (på land) vil medføra utsett av større smolt i sjøanlegga enn tradisjonelt, noko som vil korte ned perioden fisken står i sjøen, og vera positivt i høve til fiskehelse/fiskevelferd. Den reduserte sjøfasa vil minske smittepresset og lusepresset ved sjøanlegg, og vera eitt av fleire verkemiddel som vert nyttar for å svare på dei utfordringane som tidvis vert peikt på av m.a. offentlege mynde.</p> <p>Lakselus er ikkje relevant for produksjonen på land.</p> <p>I utsleppsløyvet til anlegget frå Fylkesmannen står det at anlegget vil vere godt sikra mot rømming og skal vere utan lakselus. Mogleg påverknad på vill laksefisk blir vurdert til å vere liten.</p>

Kjeldebruk:

- Reguleringsplan for Alsaker brygge sør- Onarheim gnr. 153, bnr. 1 mfl. (vedteke 25.04.2017)
- Rådgivende Biologer AS: Dokumentasjonsvedlegg til søknad om nytt landbasert anlegg for produksjon av postsmolt for Onarheim Bruk AS avd. Postsmolt på Onarheim i Tysnes kommune. Rapport 2722. 2018
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap 2017, DSB Veileder Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging. Metode for risiko- og sårbarhetsanalyse i planleggingen.
- www.fylkesatlas.no temakart
- www.ngu.no

www.nve.no (temakart)
www.senorge.no (årsnedbør)
Støyvarselkart, Statens vegvesen

ROS-analysen dekker her framtidig situasjon og er undersøkt med utgangspunkt i kjente databasar og kunnskapsgrunnlag, sjå kjeldebruk. Tiltakshavar har bistått med lokalkunnskap om området. Usikkerheten i datagrunnlaget er vurdert til å vera tilstrekkelig for vurdering av framtidig situasjon og i forhold til 0-alternativet (dagens/uendra situasjon).

8.5 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen av infrastrukturen som planen fremtar vil ha økonomisk konsekvens for kommunen då desse løysingane er private. Etablering av næringsverksemdu vil gi inntekter til kommunen gjennom m.a. eigedomsskatt med meir.

8.6 Interessemotsetningar

Det er få eller ingen direkte interesseomsetningar eller samlokaliseringssproblematikk i planframlegget. Ei ulempe av planframlegget er at det vil skje utbygging i eller nær bustadar med anleggsfase og anleggstrafikk. Dette er bustadar som allereie i dag er påverka av tidlegare og pågående arbeid i området. Tiltakshavar har god dialog med desse. Planområdet er stort og krev store investeringar. Det er naturleg at utbygginga vil skje over tid. Tiltaka innanfor området er planlagt i samanheng med ein tilnærma massebalanse slik at verknaden knytt til anleggstrafikk vil vera avgrensa.

8.7 Avvegging av verknader

Deler av planen er ei omdisponering av arealføremål og deler av planen er ny arealbruk. Ut frå konsekvensutgreiinga vil planframlegget vil få ein form for negativ konsekvens for tema landskap, naturmangfold, strandsoneinteresser, nærmiljø og kulturminne/-miljø. Dette er i hovudsak fordi delar av inngrepa vil vera i naturområde og på areal som tidlegare ikkje er regulert til utbygging. Planframlegget vil medføre større inngrep i terren og vil ha landskapsverknadar for nærområdet. Planområdet og utvida næringsområde ligg ved sjøen og naturleg vil utbygginga verta synleg frå sjøen. Området er noko skjerma for eksisterande busetnad og det er ikkje sikt frå Onarheim sentrum eller kyrkje. Fjernverknaden er avgrensa då tiltaka vert ein del av eksisterande tiltak og det utvida næringsområdet er dels skjerma av øyar/holmar. Strandsona innanfor tiltaksområdet er bratt og lite tilgjengeleg slik området framstår i dag pga. topografi og vegetasjon. Potensialet for bruk av området er lågt. Strandsoneverdiane i området er avgrensa, og friluftsinteressene i bygda er knytt til andre areal eit stykke frå tiltaksområdet. Den største påverknaden for naturmangfold er utfylling i sjø der det i influensområdet er registrert sukkertare og gytefelt for torsk. Det er difor regulert avbøtande tiltak i føresegndene. Påverknad på naturmangfaldet i driftsfasen er i hovudsak knytt til utslepp frå postsmoltproduksjonen. Dette er regulert gjennom tildelt konsesjon og utsleppsløyve. Planendringa sin verknad for fiskeri og ferdsel på sjø er vurdert til å vera liten negativ for ferdsel og uendra for fiskeri. Vidare viser konsekvensutgreiinga at planen vil ha ein stor positiv samfunnsverknad, då planframlegget vil medføre auka sysselsetting og verdiskaping lokalt og regionalt. Det er få eller ingen problem med samlokalisering eller interesseomsetningar. Store deler av områda sør for Onarheimselva er veletablerte næringsområde. Planframlegget medverkar til å styrke eksisterande og framtidige etableringar i området.

I ROS-analysen er det vurdert ulike hendingar og situasjoner. Situasjonen er vurdert sett i forhold til eksisterande reguleringsplan og om dei tiltaka som planendringa omhandlar endrar risikobildet. Tiltaka omfatta av planendringa aukar ikkje risikobildet, og dei fleste forholda er akseptable med føresetnad at tiltaka vert gjennomført i samsvar med lover og forskrifter, og ved normale driftsforhold og rutinar.

9 Innkomne merknadar til oppstart

Offentlege høyringsinstansar / foreiningar/ lag

Dato Merknad oppsummert	Kommentarar frå tiltakshavar
Kystverket, 11.03.2022 Detaljreguleringsplan for Alsaker Brygge Sør skal legge til rette for utvikling av området for landbasert akvakultur. Det er viktig at det ikkje vert planlagt for tiltak som avgrensar sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken. Kystverket ber om at ein vurderer om planforslaget vil ha ferdselsmessige konsekvensar for brukarar av sjøen. Etablering av tiltak i eller nær sjø kan få verknad for trygginga av og framkome i farvatnet. Gjennom planmedverknaden vil vurderinga om planforslaget medfører vesentlege konsekvensar eller verknader i farvatnet, strandsona eller hamnene, vere sentralt for Kystverket. Vi ønskjer difor å minne om at det for området i sjø vil vere bestemte krav om konsekvensutgreiing knytt til nye arealformål heimla i pbl. § 11-7 nr. 2 og 6. Areal til kai og hamneområdet i sjø må synleggjera i det vidare planarbeidet. Det er viktig at fartøy vert sikra tilstrekkeleg manøvreringsareal rundt aktuell kaianlegg. I dette ligg det også eit behov for areal til lasting, lossing og lagring, samt terminalar for ulike formål. Hamnedrift fører med seg ulike typar støy gjennom døgnet. Kystverket har erfart frå andre hamner at støy frå verksemder er ein utfordring for nærliggande områder med støyomfintleg busetnad. Kystverket føreset at det vidare planarbeidet tek omsyn til at landbasert akvakultur kan medføre støy og lukt. Akvakulturanlegg på land har behov for å legge leidningar i sjøen for inntak av sjøvatn. Leidningar kan komme i konflikt med bruk av anker for å styre eller bremse fartøy. Kystverket si vurdering er at kommunen i planprosessen bør sjå til at aktuell trasé for leidningar til anlegget ikkje kjem i konflikt med sjøverts ferdsel eller annan bruk av farvatnet. Det ligg ei småbåthamn like utanføre planområdet. Generelt rår ein til at kaiar og bryggjeanlegg vert planlagt på ein slik måte at ein unngår konflikt med småbåthamna og anna ikkje-motorisert bruk av farvatnet. Vi gjer merksam på at kaiar o.l., som kan påverke tryggleiken, ferdselen eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatnet, krev løyve etter havne- og farvannslova § 14.	Ferdselsmessige konsekvensar for brukarar av sjøen er utgreia som eige kapitel i konsekvensutgreiinga, samt i kap. 8.1 som omhandlar samla verknad for tiltak frå Onarheimselva til Elsåkervågen. Vurderingane er at planframlegget ikkje vil ha vesentlege verknadar for ferdsel på sjøen. Areal til hamneområde i sjø er synleggjort i plankartet, og det er opna for kai langs heile næringsføremålet gjennom føresegner. Det er regulert moglegheit for pir mot småbåthamn for å sikre tryggleik mot småbåthamna Onarhamn. Støy er skildra i planomtale og konsekvensutgreiing. Det er sett krav til handtering av støy i føresegnene der ein refererer til T-1442 sine krav. Leidningar i sjø er omtala i konsekvensutgreiinga. Forhold til utslepp og inntak er avklart i konsesjonssøknad og løyve. Planlagde leidningar vil ikkje vera til hinder for ferdsel på sjø.
NVE, 17.03.2022 NVE sin uttale er av generell karakter der det vert vist til rettleiingsmaterial etc.	Teke til etterretning. Det er gjennomført ROS-analyse med omsyn til m.a. naturfare. I tillegg, gjennomført vurdering av rasfare (vedlegg til plan).
Statforvaltaren i Vestland (SFVL), 18.03.2022 Overordna skal konsekvensutgreiingsarbeidet leggje fram avgjerdrelevant kunnskap og informasjon, som skal gjere det mogleg å ta stilling til om planen lèt seg gjennomføre, og eventuelt på kva vilkår planen kan gjennomførast. Det er vist til at dersom det manglar informasjon om viktige forhold i høve planforslaget, så skal ny informasjon hentast inn som del av konsekvensutgreiingsarbeidet. Samla verknader av planen eller tiltaket sett i lys av allereie gjennomførte, vedtatte eller godkjente planar eller tiltak i	Det er utarbeida konsekvensutgreiing basert på dagens situasjon og planlagt situasjon. Alternativ lokalisering og utforming er vurdert og omtala, samt samla verknad og arealdisponering frå Onarheimelva til Elsåkervågen.

<p>influensområdet skal også vurderast. Usikkerheit og kunnskapsmanglar som kan påverke samanstillinga av informasjonen skal også gjerast greie for.</p> <p>Tysnes kommune arbeider med å revidere arealdelen til kommuneplanen. SFVL føreset at det blir gjennomført grundige og nødvendige vurderinger av dei heilskapleg og langsiktig arealdisponeringane langs Elsåkervågen. Når det blir lagt opp til å legge til rette for eit større industriområde langs Elsåkervågen, så må konsekvensane av dette belysast for den samla lasta og dei samla arealendringane i heile området langs heile vågen. I ei overordna vurdering må ein också vurdere og ta stilling til alternativ plasseringar og eventuelle alternative utformingar. Når det er avklart på kommuneplannivå om dette er eigna stad for eit næringsområde av denne størrelse, så vil det vere meir føremålstenleg å legge fram forslag til endra reguleringsplan som er i tråd med overordna plan. Med denne planen er vurderingane og utgreiingane i overordna plan særleg viktige. Den samla verknaden må komme godt fram saman med vurderinga av alternativ. Verknaden for områda langs heile Elsåkervågen er viktig og må komme godt fram. Derfor hører dette først og fremst heime i overordna plan. Dersom ein skal gå vidare i planarbeidet, må det bli ivaretatt. Vi ser derfor ikkje bort frå at punkta nedanfor også kan ha relevans for og må vurderast for område i nærlieken som får verknader av den samla arealbruken her.</p> <p>Det vert vist til krav knytt til vurderingar av/i ROS-analysar, berekraftsmål, strandsone, klima- og energiplanlegging, friluftsliv, folkehelse, støy, naturmangfald, naturressursar, VA og naturmiljø, landskap med visualiseringar, masseutfylling i sjø, vassforskrifta, universell utforming og medverknad.</p> <p>Statsforvaltaren kan ut frå det som er sagt ovanfor ikkje utelukke at planarbeidet vil vere i strid med nasjonale eller viktige regionale omsyn. Dersom dei momenta som vi har trekt fram vert lagt til grunn og handterte i planarbeidet, vil Statsforvaltaren kunne vurdere planen sine verknader i høve til vårt sektoransvar ved offentleg ettersyn. Det er også peika på vekta av ei samla og overordna vurdering av dette planområdet saman med områda elles langs vågen.</p>	
<p>Vestland fylkeskommune, 21.03.2022</p> <p>Fylkeskommunen er positive til at det skal utarbeidast ROS-analyse og konsekvensvurdering i samband med planlegginga, og vi finn at forslag til tema som vil handsamast i konsekvensutgreiinga i hovudsak dekker dei tema som er naturleg å gjere greie for. Det anbefalast at ein i konsekvensutgreiinga og tek føre seg vurderingar knytt til havnivå-stigning/ strandsona og overvasshandtering. Ved justeringar i arealbruk og vidare utvikling av plan-området forutsett fylkeskommunen at alle tilhøve i samband med marine tilhøve og påverknad av desse vert vurdert i planen. Ein bør unngå store utfyllingar i sjø. Ålmenta bør sikrast reell tilgjenge til strandsona.</p> <p>Verknad på naturmangfald må vurderast i planen, og fylkeskommunen føreset at planlagde tiltak ikkje vil ha negative verknader for viktige naturverdiar i området. Fylkeskommunen ser det som positivt at ein regulerer inn grøntområde som buffersone mellom næringsføremål og andre føremål.</p> <p>Planlegginga må sikre at byggjetiltaka og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene, for å redusere eventuelle negative fjernverknader. Val av løysingar må sikra at tilhøvet mellom</p>	<p>Det er utarbeida konsekvensutgreiing og ROS-analyse basert på dagens situasjon og planlagt situasjon. Forhold til havnivåstigning, strandsone, overvasshandtering og marine forhold er omtala.</p> <p>Det er ikkje lagt til rette for ålmenn tilgjenge i strandsona då næringsaktiviteten treng kaiareal, og ein ønskjer ikkje å regulere for uehildig samlokalisering.</p> <p>Tiltaka planen opnar for er gjort i lys av behov for spesifikt postsmoltanlegg, og dermed er det avgrensa moglegheiter for avbøtande tiltak.</p> <p>Samferdselsføremåla er vidareført frå eksisterande reguleringsplan (godkjent i 2017) eller er etablerte tiltak (intern veg</p>

<p>eksisterande bygg og nye tiltak vert utforma heilskapleg med gode arkitektoniske og estetiske løysingar.</p> <p>Det vert vidare vist til Klimaplan Hordaland, og overvasshandtering. I større utbyggingsområde vil naturlege avrenningsvegar og vegetasjonsmønster fordrøyningar endrast eller fjernast, noko som kan ha stor effekt på overvass-situasjonen. Det er difor svært viktig at det allereie frå tidleg planlegging rettast eit særleg fokus på korleis overvatn skal handterast i planområdet.</p> <p>Fylkeskommunen legg til grunn at avkjørslar/kryss vert regulert i samsvar med gjeldande vegnormal. Det må sikrast areal til drift/andre vegbehov med anna vegggrunn på begge sider av fylkesvegen. Dei ber om at fortau/g/s i gjeldande reguleringsplan vert vidareført. Det må sikrast at kryssingspunkt for myke trafikantar har trygg og hensiktsmessig plassering. Og at det må dokumenterast at skjeringar og fyllingar under/ved fv. 5076 som plan opnar for er stabile og sikra.</p> <p>Fylkeskommunen peiker på Onarheim kyrkje som er av høg verdi og at landskapsomsyn må takast. Og at det er gjennomført undersøkingar i planområdet tidlegare, utan funn.</p> <p>Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særlig vekt på landskap, strandsone, klima, samferdsel og kulturminne.</p>	<p>SV1). Fortau i gjeldande reguleringsplan er vidareført sjølv om ein reduserer tal bustadeiningar frå 30 til 1, men rekkefølgjekravet er teke ut.</p> <p>Forhold til Onarheim kyrkje er omtala og visualisert. Det er ikkje direkte kontakt mellom planområdet og kyrkja.</p>
<p>Statens vegvesen, 23.03.2022</p> <p>Dei viser til at det er fylkesveg innanfor planområdet og dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane må det komme klart fram av planomtalet, samt at ein søker om fråvik før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Tiltak som gjeld fylkesvegen, samt byggegrenser og avkjøringer må avklarast med vegeigar, som er Vestland fylkeskommune. Elles vert det vist til generelle krav til planarbeid.</p>	<p>Samferdselsføremål og byggegrenser mot fylkesvegen er vidareført frå eksisterande reguleringsplan (godkjent i 2017). Fortau i gjeldande reguleringsplan er vidareført sjølv om ein reduserer tal bustadeiningar frå 30 til 1, men rekkefølgjekravet er teke ut.</p>
<p>Fiskeridirektoratet, 05.05.2022 (etter høyringsfrist)</p> <p>Fiskeridirektoratet ser positivt på at det er vurdert at planen skal ha konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta og at fiskeri og naturmangfold på land og i sjø er blant temaa som skal utgreiast. Fiskeridirektoratet region Vest har gjeve innspel til reguleringsplan for industriområde i Elsåkervågen i 2018 der dei tok opp spørsmål til gytefelt og låssettingsplass som er registrert i sjøområdet. Vedlagt merknad ligg kopi av brev datert 19.07.2018 og 05.08.2020. Dei ber om at omsynet til gytefelt og fiskeriinteresser vert teke vare på også i denne planprosessen.</p>	<p>Fiskeriinteressene er skildra og påverknad er vurdert i konsekvensutgreiinga. Avbøtande tiltak som det er gitt innspel til for planarbeidet i Elsåkervågen, er implementert i planframlegget.</p>

10 Vedlegg

- Merknadar til planoppstart
- Rådgivende Biologer AS: Naturmangfoldet i Elsåkervågen og virkning av planlagt utvidelsesareal ved Alsaker brygge sør. 16.03.2021
- Bjarte Hellenvang, Eadu AS har utarbeida notat i samband med skred: Vurdering av fare for snøskred og steinsprang, samt behov for skredfareutredning, Onarheim. Alsaker Brygge Sør. 15.03.2021